



# Eigarskapsmelding 2022

Handsama:

2023

Velkommen til Norges beste  
frikøyring frå heis i

**Sogn  
Skisenter**




**SOGNEFJORD**

*Sogn* Lab

KJEMISK OG MIKROBIOLOGISK LABORATORIUM



**SOGNE PRODUKT**  
meistring • utvikling • jobb



## **Innhold:**

<b>DEL I: .....</b>	<b>3</b>
<b>1. Lovkrav om eigarskapsmelding .....</b>	<b>3</b>
1.1 Kommunelova § 26 – 1 Eigarskapsmelding .....	3
<b>2. Eigarskap .....</b>	<b>3</b>
2.1 Kommunen som eigar.....	3
2.2 Dei folkevalde som eigarar .....	3
2.3 Selskapsorganisering.....	4
<b>3 Eigarskapspolitikk og eigarstrategi .....</b>	<b>4</b>
3.1 Definisjon .....	4
3.2 Godt eigarskap .....	5
3.3 Luster kommune sine prinsipp og strategiar for kommunalt eigarskap... <td>5</td>	5
3.3.1 Openheit.....	5
3.3.2 Opplæring .....	5
3.3.3 Rapportering .....	5
3.3.4 Utarbeiding og revidering av eigarstrategi .....	5
3.3.5 Selskapsavtale og vedtekter.....	6
3.3.6 Tilsyn og kontroll.....	6
3.3.7 Eigarorganet.....	6
3.3.8 Eigarmøte .....	6
3.3.9 Avtaler mellom eigar og selskap .....	7
3.3.10 Valkomité.....	7
3.3.11 Krav til styrekompesanse og styresamansetning .....	7
3.3.12 Godtgjering og registrering av styreverv .....	8
3.3.13 Habilitet.....	8
3.3.14 Etiske retningslinjer .....	9
3.3.15 Arbeidsgjevarrolla til selskapet .....	9
3.3.16 FN sine bærekraftsmål .....	9
3.4 Administrativ støtte og koordinering .....	9
3.5 Motiv for eigarskapen .....	9
3.5.1 Finansielt motivert eigarskap.....	9
3.5.2 Effektivisere og kvalitetsutvikle tenesteproduksjonen .....	10
3.5.3 Samfunnsøkonomisk motivert .....	10
3.5.4 Regionalpolitisk posisjonering .....	10
3.6 Selskapsstrategi .....	10
3.6.1 Innhald i eigarstrategien for selskapa .....	11
<b>4 Selskapsformer .....</b>	<b>12</b>
<b>DEL II:.....</b>	<b>13</b>
<b>5 Luster kommune sitt eigarskap .....</b>	<b>13</b>
<b>6 Opplysningar og strategi for utvalde selskap .....</b>	<b>15</b>
<b>7 Vedlegg:.....</b>	<b>50</b>
7.1 Ulike selskaps og organisasjonsformer. ....	50
7.1.1 Tenesteeining .....	50
7.1.2 Kommunalt føretak (KF) .....	50
7.1.3 Kommunalt oppgåvefellesskap (KO) .....	50
7.1.4 Interkommunalt selskap (IKS) .....	51
7.1.5 Aksjeselskap (AS) .....	51
7.1.6 Samvirkeføretak (SA).....	53
7.1.7 Stifting .....	53
7.1.8 Interkommunalt samarbeid .....	53
7.1.9 Medlemskap i organisasjonar.....	54

# **DEL I:**

## **1. Lovkrav om eigarskapsmelding**

### **1.1 Kommunelova § 26 – 1 Eigarskapsmelding**

*Kommuner og fylkeskommuner skal minst én gang i valgperioden utarbeide en eigarskapsmelding som skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv.*

*Eierskapsmeldingen skal inneholde*

- a) kommunens eller fylkeskommunens prinsipper for eierstyring*
- b) en oversikt over selskaper, kommunale eller fylkeskommunale foretak og andre virksomheter som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser eller tilsvarende interesser i*
- c) kommunens eller fylkeskommunens formål med sine eierinteresser eller tilsvarende interesser i virksomhetene nevnt i bokstav b.*

Lova sine krav er minimumskrav, og kommunane kan ha meir omfattande eigarskapsmeldingar enn det som er omtala i kommunelova. For Luster kommune er det til dømes praksis å handsame eigarskapsmeldinga årleg (annakvart år slutthandsaming i kommunestyret), og ikkje berre ein gong i løpet av kommunestyreperioden. Det er ikkje gjort endringar i malen for eigarskapsmeldinga, då denne vert vurdert til å svare ut lova sine krav.

## **2. Eigarskap**

### **2.1 Kommunen som eigar**

Ein kommune har ulike roller; - som myndigheitsutøvar, som tenesteprodusent, som kontraktspart og som eigar. Kvar og ein av desse rollene har sine sær preg og må bli handtert på ulik måte.

Som eigar av selskap bør kommunen opptre føreseieleg og profesjonelt. Utarbeiding av ei eigarskapsmelding er ein føresetnad for eit aktivt og godt eigarskap.

Eigarskapsmeldinga er *"eit overordna politisk styringsverktøy for verksemd som er lagt til eit anna rettssubjekt, eige styre eller ein vertskommune eller til eit anna interkommunalt organ"*.

Ei eigarskapsmelding skal gi informasjon og sikre nødvendige styringssignal til «selskapa».

Meldinga tek utgangspunkt i at når kommunen etablerer eit føretak eller selskap eller går inn som medeigar eller deltar saman med andre, gjer kommunen det med eit mål om å oppnå noko.

### **2.2 Dei folkevalde som eigarar**

Som folkevald har ein ulike roller m.a.; ombodsrolla, styringsrolla, leiarrolla, arbeidsgjevarrolla og eigarrolla.

Eigarrolla skil seg frå dei andre rollene. Mogelegheita til å påverke tenester som er organisert i eit selskap vil i utgangspunktet vere avgrensa. Ofte vil organa i selskapa verke framande og annleis, for dei som er van med direkte folkevald styring av kommunal tenesteproduksjon.

Der selskapet får direkte overføringar frå kommunen sitt budsjett vil påverknad vere større og variere.

Samtidig er selskapsetablering ein måte å avlaste dei folkevalde organa på. Dei tenestene som først og fremst er organisert i kommunalt eigde selskap, er brukarfinansierte tenester. Kommunalt eigde selskap utfører viktige samfunnsmessige tenester og forvaltar ein betydeleg kapital og infrastruktur. Det er derfor viktig at folkevalde forstår og er seg bevisst si rolle som eigar. Gjennom eigarstyringa har kommunen mogelegheit til å påverke selskapet sine rammer og handlefridom.

### **2.3 Selskapsorganisering**

Ved selskapsorganisering skil kommunen ut ei teneste i eit sjølvstendig selskap. Etter dette blir eigaransvaret til kommunen ivareteke gjennom val av representantar til eigarorganet; - det vere seg, representantskapet, generalforsamlinga eller årsmøtet. Ved etablering av KF er det kommunestyret sjølv som tek i vare eigaransvaret. I enkelte tilfelle har kommunen òg eit finansieringsansvar overfor selskapet gjennom tilskot eller fastsetting av priser for selskapet sine tenester.

Kommunen kan velje å legge fleire oppgåver til eit selskap eller å gå saman med andre kommunar eller private om å etablere selskap. Det er viktig at kommunestyret tenkjer heilsakleg, og at tenesta blir organisert i selskapsformer som er egna for drifta.

Felles for kommunalt eigde selskap er at dei stort sett opptrer samfunnsansvarleg. Samfunnsansvar vil seie å ta omsyn til økonomiske, miljømessige og sosiale konsekvensar av verksemda for eigarar, kundar, tilsette og andre interessentar.

Selskapet på si side skal kombinere krav til kvalitet og samfunnsansvar med krav til lønsemd og effektivitet.

## **3 Eigarskapspolitikk og eigarstrategi**

### **3.1 Definisjon**

Eigarskapspolitikk og eigarstrategi:

Eigarskapspolitikk er dei overordna premissane Luster kommune legg til grunn for forvaltning av sine selskap og eigardelar i selskap. Eigarskapspolitikk er dei krav kommunen set til seg sjølv som eigar. Kva slags system, retningsliner og rutinar kommunen har for utøving av sitt eigarskap. Eigarskapspolitikk handlar om å ha ein bevisst eigarstyring.

Ein eigarstrategi for selskapa ein kommune eig heilt eller deler av, er dei forventningar kommunestyret har til kvart einskild selskap. Eigarstrategiane skal reviderast med jamne mellomrom – i etterkant av den årlege statusrapporteringa. Eigarstrategien skal klargjere forventningar til type avkastning, enten det er i finansiell forstand (utbytte) eller på annan måte. Det

er viktig at eigarane sine forventningar til avkastning gjer at selskapet sitt formål kan bli realisert.

Denne eigarskapsmeldinga vert ein viktig del av utøving av det kommunale eigarskapet i Luster. Det er ein fordel om det er brei politisk semje om eigarskapspolitikken og strategiane.

### **3.2 Godt eigarskap**

Målet med å utarbeide felles prinsipp for kommunen sitt eigarskap er å bidra til god forvaltning og utvikling av selskap og samarbeid i regionen, ved å tydeleggjera styringssignal i samsvar med dei målsetjingar kommunane har for sitt eigarskap. Prinsippa vil danne grunnlag for klarare retningsliner til selskapa og forenkle samarbeidet med dei andre eigarane. Prinsippa gjeld uavhengig av selskapsform og kva for målsetjingar kommunen (kommunane) har med selskapet eller samarbeidet.

Eit bevisst eigarskap er ikkje nødvendigvis det same som aktivt eigarskap. Eigarstyringa må vere til det beste for selskapet. Det tyder at kommunen og dei folkevalde veit kva dei vil med selskapet, at eigarstyringa er basert på kunnskap og diskusjonar og ikkje berre på styringsvilje. Eigarstyringa skal skje av dei folkevalde samla.

### **3.3 Luster kommune sine prinsipp og strategiar for kommunalt eigarskap.**

#### **3.3.1 Openheit**

Kommunen sin eigarskap skal vere prega av openheit. Prinsippet om meiroffentlegheit skal ligge til grunn.

#### **3.3.2 Opplæring**

Kommunalt eigarskap skal vere tema på folkevaldopplæring/informasjon i starten av kvar kommunestyreperiode. Roller, styringsliner og ansvarsfordeling skal vere sentrale tema i opplæringa.

Eigarskap/eigarskapsmelding skal òg vere tema/sak på eit kommunestyremøte tidleg i valperioden.

#### **3.3.3 Rapportering**

Kommunen sin årsrapport skal innehalde eit oversyn over kommunalt eigarskap. Status og utvikling i viktige selskap skal omtala i kommunen sin årsrapport eller i eiga melding. Kommunestyret skal minst ein gong i kvar kommunestyreperiode/ev anna kvart år få seg førelagt ei ajourført eigarskapsmelding for drøfting. Formannskapet skal årleg drøfte utvikling i selskapa, behov for og ønskje om mogelege endringar og tiltak.

#### **3.3.4 Revisjon av tenesteyting**

Selskap, KF eller KO som på vegne av kommunen utfører tenester mot eller for innbyggjarane skal jamnleg reviderast med tanke på kvalitet i tenestene og i kva grad ein lukkast med formålet. Med jamnleg meinest minst kvar kommunestyreperiode. I revisjonen skal alltid dei som mottek

tenestene, eller representantar for dei, bli høyrde om kvaliteten i tenestene.

### **3.3.5 Utarbeiding og revidering av eigarstrategi**

Luster kommune skal ha utarbeide ein klar eigarstrategi for dei selskapa ein finn særleg viktige, der kommunestyret sine forventningar til selskapet er formulert. Eigarstrategiane skal reviderast/gjennomgåast med jamne mellomrom – minst ein gong i kvar kommunestyreperiode.

Eigarstrategien skal klargjere forventningar til type avkastning, enten det er i finansiell forstand (utbytte) eller på annan måte.

### **3.3.6 Selskapsavtale og vedtekter**

Selskapet sitt formål skal gå fram av selskapsavtale/vedtekter. Formålet med selskapet bør bli vurdert med jamne mellomrom. Det er særleg viktig at kommunestyret er medvitne om kor stor handlefridom styret har til å utvide verksemda.

### **3.3.7 Tilsyn og kontroll**

Kontrollutvalet skal på kommunestyret sine vegne sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine eigarinteresser i selskap.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for selskapskontroll som skal bli vedteken av kommunestyret. Med utgangspunkt i planen skal kontrollutvalet gi rapport til kommunestyret om gjennomførte kontrollar og resultatet av desse.

Kontrollutvalet og kommunen sin revisor har høve til å vere til stades på møte i eigarorgan i selskap der kommunen har interesser.

### **3.3.8 Eigarorganet**

Selskapet sitt eigarorgan er generalforsamling, representantskapsmøte eller årsmøte. Det er politisk leiing, ordføraren, som skal representere Luster kommune i eigarorganet. Kommunestyret kan velje eigne representantar til generalforsamling/ representantskapsmøte.

Det skal vere kommunikasjon mellom kommunestyret/formannskapet og kommunen sin representant i høve generalforsamling/ representantskapsmøte.

Utøvinga av den kommunale eigarskapen skal spegle syn frå kommunestyret sitt fleirtal

### **3.3.9 Eigarmøte**

I tillegg til generalforsamling/representantskap bør det vere møte mellom selskapet og formannskapet med jamne mellomrom. For selskap som Luster kommune eig 100%, eller har dominerande eigarposisjon i, bør det vere årlege eigarmøte med formannskapet.

For selskap der Luster kommune er deleigar av ein viss storleik bør det vere minst eit eigarmøte i kvar kommunestyreperiode. I slike møte skal det ikkje bli fatta formelle vedtak. Eigarmøtet er ein uformell arena kor selskapet informerer om status og utfordringar og der selskapet si utvikling og strategi blir lufta, drøfta og diskutert. Slike eigarmøte kan ev verte halde i tilknyting til møte i generalforsamling/ representantskap.

Ved spesielle høve kan det og vere aktuelt å informere kommunestyre om status og utvikling i selskapa ved at dagleg leiing/styreleiing informerer kommunestyre direkte.

### **3.3.10 Avtaler mellom eigar og selskap**

Det kan bli utarbeidd aksjonær-/eigaravtale som beskriv tilhøvet mellom eigarane, informasjon til eigarane utanom representantskap/generalforsamling, selskapet si verksemd og val av styre. Eigarane skal i samspel med styret og leiing sikre god leiing av selskapet.

### **3.3.11 Valkomite**

Luster kommune vil arbeide for at det blir vedtektsfesta bruk av valkomité for å sikre samansetjing av styret med utfyllande kompetanse og i tråd med eigar sitt formål med selskapet. Valkomiteen si tilråding bør vere grunngitt og bli lagt fram før generalforsamling/representantskap. Luster kommune vil arbeide for bruk av tenestetid/funksjonstid for medlemmar av valkomiteane for å sikre kontinuitet og fornying.

### **3.3.12 Krav til styrekompesitanse og styresamansetning**

Det er eigar sitt ansvar å sorgje for at styret blir sett saman og får dei rammevilkåra at dei kan utøve sitt virke til beste for selskapet. Styret er eit kollegium som består av personar med personlege eigenskapar som utfyllar kvarandre når det gjeld kompetanse. Eit styreverv er personleg. Styremedlemmene representerer ikkje kommunen. Styremedlemmene skal arbeide for selskapet sitt beste. Det er viktig at kommunestyret er klar over dette og tek omsyn til dette ved val av styremedlemmer. Styret sin kompetanse må vurderast ut frå selskapet sitt formål.

Der det blir peika ut vararepresentantar til styret bør ordninga med numerisk vara bli brukt for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.

Politisk deltaking i selskapsstyre er tillate. Ordføraren bør, grunna generalforsamlingsmynde, ikkje vera styremedlem der kommunen har eigarinteresser. KS tilrår og at kommunen er kritisk i bruken av leiande folkevalde (formannskapet) i styre for selskap der kommunen har eigarinteresser.

I kommunale føretak (KF) kan rådmannen og rådmannen sin assisterande/vikar ikkje sitje i styret. KS tilrår og at kommunen er kritisk å nytte rådmann eller rådmann sin assisterande/vikar til styremedlem i selskap der kommunen har eigarinteresser.

Luster kommune vil ha ei bevisst haldning til val av styremedlemmar der ulike omsyn vert balanserte, «ikkje for nært og ikkje for fjernt.» I dei tilfelle der det ev skulle oppstå dobbeltrollar må kommunen velja alternative personar/løysingar til å i vareta mynde i eigarrolle for å sikra seg mot ugildskap.

Luster kommune vil arbeide for bruk at funksjonstid/tenestetid for styremedlemmar for å sikra kontinuitet, fornying og tilknyting til kommunale interesser.

Luster kommune skal arbeide for balansert kjønnsrepresentasjon i alle styre.

### **3.3.13 Godtgjering og registrering av styreverv**

Godtgjeringa til dei som sitt i styra bør reflektere styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet.

Styreleiar bør godtgjerast særskild i høve til styremedlemmene.

Luster kommune vil arbeide for at styregodtgjerslene er nøkterne og at det vert lagt hovudvekt på å godtgjere for den tidsbruken som vernet krev.

Styret skal ikkje fastsette si eiga godtgjering.

Luster kommune vil arbeide for at valnemndene på bakgrunn av eit utvida mandat kjem med framlegg på styregodtgjeringa i selskapa.

Eigarorganet fastset styregodtgjeringa.

Alle som tek på seg styreverv for kommunale selskap bør registrere verva sin på [Styrevervregisteret](#).

### **3.3.14 Habilitet**

Sentralt i vurderingane omkring habilitet er å ha ein klar oppfatning av ulike rollar.

Eit styreverv er eit frivillig personleg verv der du representerer deg sjølv. Ein styremedlem skal ivareta selskapets interesser i høve til alle eigarane. Det er eit sunt prinsipp å unngå dobbeltrollar og rolleblanding, då sikrar ein og best høg integritet.

Eigar-, styre- og dagleg leiar-rolla skal derfor som hovudregel utøvast av ulike personar.

Det er eit klart lovverk som utgangspunkt for vurderingar av habilitet.

Lovverket er innskjerpa ved at ein ikkje lenger skil mellom private selskap og fullt ut offentleg eigde selskap. Det betyr at politikarar og administrativt tilsette som medlemmar av «selskapsstyre» som regel vert ugilde ved tilrettelegging og handsaming av selskapet sine saker i eigarorgana.

Når det gjeld KF, som ikkje vert rekna som selskap i juridisk forstand, så gjeld ikkje dette. Styremedlemmar i eit KF kan såleis delta i eigarorganet sine drøftingar omkring saker i KF-et, men KS tilrår at ein er varsame /ikkje nyttar dei aktive sentrale politikarane i styre for KF grunna direktelinja mellom styre og kommunestyre.

Sentralt i høve habilitet er og vurderingar om personlege interesser knyta til ei sak. Då må det gjerast avklaringar omkring automatisk habilitet («partsinteresser»), habilitet basert på skjønn («større fordel, tap») eller avleia habilitet («overordna /underordna»)

Luster kommune skal ha opne og ryddige avklaringar i høve ulike rollar og gjere gode vurderingar i høve habilitet for å sikra gode prosessar og vedtak som det ikkje hefter mistru til.

### **3.3.15 Etiske retningslinjer**

Kommunen skal sjå til at styra for større selskap utarbeidar og føl opp etiske retningslinjer for drifta av selskapet.

### **3.3.16 Arbeidsgjevarrolle til selskapet**

Kommunalt eigde selskap bør vere medlem av ein arbeidsgjevarorganisasjon.

### **3.3.17 FN sine bærekraftsmål**

Kommunen skal arbeide for at selskap integrerer FN sine bærekraftsmål i forretningsstrategi, risikostyring, prestasjonsmåling og ekstern rapportering.

## **3.4 Administrativ støtte og koordinering**

Ansvaret for kommunen sitt eigarskap er politisk. Rådmannen har ingen formell rolle knytt til kommunen sitt eigarskap og eigarstyring, men rådmannen har ansvar for forsvarleg utgreiing av alle saker som skal til politisk handsaming. Dette inkluderer òg saker som gjeld eigarstyring.

Gjennom ajourføring av eigarskapsmeldinga skal rådmannen halda oversikt over selskapa og selskapa si utvikling. Den som har generalforsamlingsmynde må informere rådmann dersom det er spesielle forhold for eigarskapet i dei aktuelle selskapa, slik at dette kan takast fram for politisk handsaming.

Kommunen sin administrasjon og rådmannen sin kontakt med selskapa er gjennom rolla som bestillar, der selskapa er tenesteleverandør.

## **3.5 Motiv for eigarskapen**

Kommunen bør avklare sin ståstad og sine forventningar til det som vert vurdert til å vere dei viktigaste selskapa kommunen har eigarskap i. Det mest sentrale dokumentet i denne samanheng er vedtekten eller eventuell selskapsavtale. Ein eigar bør ha eit klart formål med å investere i eller etablere eit selskap. Å eige er å vilje!

Ein politisk vedteken eigarstrategi bind deltagarane i representantskap og generalforsamling.

Ein eigarstrategi skal innehalde prioriteringar, tiltak og resultatkrav som kommunen ønskjer for det enkelte selskap. På den måten veit eit selskapa kva dei må gjere for å oppfylle eigarane si målsetting med eigarskapen.

Eigarskapet kan delast i fleire motiv/kategoriar. Dei ulike kategoriene kan bidra til å tydeleggjera kommunen sine målsettingar med selskapa.

### **3.5.1 Finansielt motivert eigarskap**

Selskap kor motivet og hovudgrunngjevinga for eigarskapet er store mogelegheiter for økonomisk utbytte av innskoten kapital og avgrensa økonomisk risiko for kommunen.

Til dømes vil Luster kommune sitt eigarskap i Sognekraft i hovudsak vere finansielt motivert.

### **3.5.2 Effektivisere og kvalitetsutvikle tenesteproduksjonen**

Selskap der motivet og hovudgrunngjevinga for selskapet er knytt til at fellesløysingar/selskapsløysingar bidreg til meir effektiv tenesteproduksjon enn å yte teneste sjølv. Sentralt her er å oppnå auka mengde av tenester for dei midlane som er til disposisjon og betre forvaltning av anleggsmidlane. Gjennom å etablere selskap med deltaking frå kommunane i regionen vil ein kunne oppnå meir effektiv tenesteproduksjon og opparbeidning av gode fagmiljø. Døme på slike selskap kan vere SIMAS og Sogn Brann og Redning.

### **3.5.3 Samfunnsøkonomisk motivert**

Selskap der motivet og hovudgrunngjevinga er knytt til at kommunen gjennom selskapet vil oppnå totalt sett meir samfunnsøkonomisk gunstige resultat eller gjennomføring av oppgåver. Dette kan vere selskap som er 100% eigde av kommunen, eigde saman med andre kommunar eller saman med private eigrarar. Døme på dette kan vere selskap som investerer i infrastruktur.

### **3.5.4 Regionalpolitisk posisjonering**

Selskap der motivet og grunngjevinga er knytt til at det styrker regionen sine mogelegeheter og posisjon til å gjennomføre oppgåver i høve til andre regionar og nasjonale aktørar. Her kan òg posisjonering for å utløyse statlege midlar/prioriteringar vere ein del av grunngjevinga. Døme på slike selskap kan vere selskap som vert oppretta for å arbeide for å få realisert vegsamband/vegutbygging. Til ei viss grad er Visit Sognefjord AS oppretta med ein slik motivasjon/grunngjeving.

Det er slik at det ofte kan vere samansette motiv for å opprette eit selskap. Fleire motiv/kategoriar kan såleis vere aktuelle for same selskapet, og over tid kan motiv for eigarskapet i selskapet endre seg. Til dømes kan det vere aktuelt for kommunen å delta i oppstart av eit selskap, for seinare å trekke seg ut.

I dei større selskapa Luster kommune har eigarskap til kan det vere meiningsfullt å vurdere eigarskapet med utgangspunkt i momenta ovanfor. Som nemnt vil det likevel vere slik at det kan vere samansette motiv både for å opprette eit selskap og for å vere eigar over tid.

## **3.6 Selskapsstrategi**

Når kommunen har valt å legge ein del av sine verdiar inn i eit selskap medfører dette ein overføring av styringsrett til selskapet. Det er ikkje alle spørsmål knytt til forvaltning av verdiane i selskapet som vedkjem kommunestyret.

Eigarane si oppgåve er å legge dei ytre rammene for selskapet. Selskapet sitt styre og administrasjon har som oppgåve å legge opp verksemndsstrategien og forretningsstrategien innafor eigarstrategien. Summen av dette kallar vi for selskapsstrategien.

Type strategi	Kven vedtek	Hovudspørsmål
Eigarstrategi	Kommunestyret	Skal vi eige verksemda? Kva vil vi med eigarskapen?
Verksemndsstrategi	Styret i selskapet	Korleis skal vi organisere verksemda?

Forretningsstrategi	Administrasjonen i selskapet	Korleis skal vi optimalisere drifta av verksemda?
---------------------	------------------------------	---

### **3.6.1 Innhald i eigarstrategien for selskapa**

Luster kommune sine eigarstrategiar bør innehalde følgjande:

- Den historiske bakgrunnen for eigarinteressa
- Føremålsparagrafen i selskapsavtala
- Motivet for eigarskapen, kvifor er kommunen eigar, kva vil kommunen oppnå med selskapet.
- Dei seinare års utvikling i selskapet
- Rammer for selskapet si drift
- Vurdering av framtidig eigarskap
  - Samfunnsmessig nytte av eigarskapen
  - Lønsemd
  - Oppfølgings- og investeringsbehov
  - Verksemda si utvikling og risiko
  - Kapitalbinding

## 4 Selskapsformer.

Grunnen til å etablere eit føretak eller selskap, eller gå inn som medeigar eller deltakar saman med andre kan vera ulik.

Kommunane står stort sett fritt til å velje selskapsform i dei tilfelle danning av selskap er aktuelt.

Ein må gjera ei vurdering på om selskapsforma passar til dei oppgåver og funksjonar selskapet er tenkt å utføre, og kva rammevilkår selskapet har behov for. Før selskapsform blir valt, skal følgjande tilhøve vera vurdera:

- Mogelegheta for politisk styring; mogelegheta for innretning av eigarskap, samt eigarane sin reelle styring gjennom representasjonsmodellar.
- Økonomisk ansvar; kva for plikter tek kommunen på seg i høve til selskapet.
- Risikovurderingar; økonomiske, marknadsutsikter, miljø og samfunnstryggleik, kvalitet og kvantitet av den kommunale tenesta og tilhøvet til sluttbrukar/innbyggjarane.
- Selskapet sin økonomiske sjølvstende; plikter i høve til eit selskap kontra å behalde eigen mynde i høve avgjerder om prioritering av ressursbruk.
- Fleksibilitet – endring av eigartilhøve/samarbeid med private.
- Skatte- og avgiftsmessige tilhøve.
- Reglar for anskaffingar.
- Arbeidsgjevarpolitisk strategi.

Graden av politisk styring varierer med ulik grad av organisering. Dette kan synleggjera gjennom følgjande figur:



- 3.1 Tenesteeining – ingen omtale i meldinga.
- 3.2 Kommunalt føretak (KF) – avgrensa omtale i meldinga, eiga årleg handsaming.
- 3.3 Kommunalt oppgåvefellesskap
- 3.4 Interkommunalt selskap (IKS) – omtale i meldinga.
- 3.5 Aksjeselskap (AS) – omtale i meldinga.
- 3.6 Samvirkeføretak (SA)
- 3.7 Stifting – opplisting
- 3.8 Interkommunalt samarbeid – opplisting og kort omtale av samarbeidstiltak.
- 3.9 Medlemskap i organisasjonar. - opplisting

Jf vedlegg med nærmare omtale av selskapsformer

# DEL II:

## 5 Luster kommune sitt eigarskap

Selskap der Luster kommune er eigar

Kommunale føretak	Eigardel i %	Omtale	Mrk.
Lustrabadet KF	100%	X	
<b>Interkommunale selskap</b>			
<b>IKS / kommunale oppgåvefellesskap</b>	Eigardel i %		
Simas IKS	15,8%	X	
Sogn Brann og Redning IKS	25%	X	
Vestland Revisjon KO		X	Erstattar Sogn og Fjordane revisjon IKS
Alarmsentralen IKS	4,74%		Vertskommune Kinn
<b>Interkommunal samarbeid</b>			
Sogn regionråd			Sogndal vertskommune
Sogn kulturskule			Sogndal vertskommune
Sogn barnevern			Sogndal vertskommune
Sogn PPT			Sogndal vertskommune
Krisesenteret i Sogn og Fjordane			Vertskommune Kinn som kjøper teneste hjå stiftelse.
Miljøretta helsevern			Sogndal vertskommune
Frisklivsentralen Sogn			Sogndal vertskommune
SYSIKT			Sunnfjord vertskommune
<b>Aksjeselskap</b>			
Sognekraft Mor AS	6,88%	X	1,46% A-aksjar og 5,42% B-aksjar. Konsernorganisering.
Luster Energiverk AS	24,9%	X	Konsernorganisering.
Sage kraftverk AS	50%	X	
Fjordstova AS	26%	X	
Luster Treningssenter AS	19,61%	X	
Sogneprodukt AS	7,25%	X	
SognLab AS	20,25%	X	6,5% A-aksjar og 13,75% B-aksjar
Sogn Skisenter AS	27,1%	X	
Brevegen AS	7,09%		
Sørsida utvikling AS			
Sognehallen AS	1,88%		
Visit Sognefjord AS	3,65%	X	
Fjord Norge AS	0,12%		
Kommunekraft AS	0,31%		
A/L Biblioteksentralen	1 andel		
Dag og Tid AS	0,017%		
Sogn og Fjordane Holding AS	3,61%	X	B-aksjar
Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS	5,56%	X	
<b>Foreining;</b>			

Luster Frivilligsentral			
<b>Stiftingar</b>			
Luster Utleigebustader		X	
Ormeli			
Wittgenstein			
Stiftinga Sogn Folkemuseum, Dei Heiberske samlingar.			«Passiv stifting», Luster kommune medstiftar.
(Krisesenteret i Sogn og Fjordane)			
Stiftelsen Munthehuset i Ytre Kroken			
<b>Andre</b>			
KLP			Eigd av kommunane/eigd av kundane
<b>Medlemskap i organisasjonar</b>			
KS			
LVK			160 kraftkommunar
USS			100 utmarkskommunar
LNK			86 nynorskkommunar, 3 fylkeskommunar og 19 regionråd/IKS
Innkjøpssamarbeidet i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn			Kinn kommune er vertskommune
<b>Styre etter naturmangfoldlova §62</b>			
Jostedalsbreen nasjonalpark			Ordførar, Ivar Kvalen leiar i styret.
Breheimen nasjonalpark			Marianne Bugge, medlem i styret.
Jotunheimen nasjonalpark			Ordførar, Ivar Kvalen medlem i styret.

## 6 Opplysningar og strategi for utvalde selskap

### Generelt

Namn på selskap:	<b>Lustrabadet KF</b>
Type selskap:	Kommunalt føretak
Adresse:	Øyagata 11, 6868 GAUPNE
Telefon:	57 68 56 80
Nettadresse:	<a href="http://www.lustrabadet.no">www.lustrabadet.no</a> <a href="#">Lenke til oppdatert selskapsinformasjon</a>

### Eigarskap

Eigardel LK:	100%
Andre større eigarar:	-
Lån/garanti frå LK:	Luster kommune eig anlegget.

### Leiing

Styre/styreleiing:	<i>Per Steinar Siggum (styreleiar), Anja Fardal (nestleiar), Øystein Høyheim, Lindis Alme. Camilla Bruheim er vald av dei tilsette. Vara: Britt D Brugrand, Arne J Hauge og Hans Olav Sandvik.</i>
Ev oppnemning av LK:	Styret er valde av kommunestyret
Godtgjersle:	<i>Totalt utbetalt styrehonorar i 2020 var 103.750 kr, styreleiar fekk kr 27.750,- i styrehonorar.</i>
Dagleg leiing:	Kent Monsen
Ev revisor	Vestland Revision KO
Valnemnd	Formannskapet

### Om selskapet

Bakgrunn:	<i>Bassenget ved Luster ungdomsskule tilfredsstilte ikkje lenger kvalitetskrav for symjebasseng. Ynskje om betre og større anlegg for bading, symjeopplæring mv.</i>
Vedtekter:	<a href="#"><u>Vedtekter vedteke av Luster kommunestyre</u></a> (lenke går rett til nedlasting av pdf-dokument med vedtekene)
Føremål:	<i>Tilby gode og varierte bade- og symjetjenester innafor dei rammer kommunestyret set. Føretaket kan etablere tilgrensande eller supplerande tilleggstenester dersom dette styrkar føretaket sin økonomi.</i>

## Status, utvikling av selskapet

Kommentar:	<p>Anlegget vart opna i oktober 2012. KF-et står for drifta av anlegget. Anlegget svarar godt til forventningane om betre anlegg for skulesymjing, symjing/stuping som idrettsaktivitet og allmenn bruk for symjing og bading.</p> <p><i>Driftsresultatet i 2013 synt høgare inntekter, men og vesentleg høgare kostnader enn budsjettet og eit større underskot. I 2014 vart det sett i gang arbeid for å betra driftsbalanse og det kommunale driftstilskotet vart auka.</i></p> <p><i>Besøkstala i 2020 var 36 805 gjester. I 2021 var det budsjettet med 43 500 besøkande, og Lustrabadet oppnådde 88% av målet med 38 172 gjester, all skulesymjing kjem i tillegg. Lustrabadet heldt stengt frå 25. mars – 15. april og 15. desember – 31. desember pga Covid 19.</i></p> <p><i>Godt besøkstal trengst for å sikre inntektssida framover. Det vert viktig å halde fram med tiltak som held oppe besøkstalet samtidig som ein har god kontroll med kostnadssida. I årsmeldinga for 2021 er det synt til at bygget no er 10 år gammalt, og at det etter kvart vil kome meir slitasje av anlegget og difor auka vedlikehaldskostnadar og driftsutfordringar ved utskifting.</i></p>
------------	--

## Økonomi (tal i tusen)

### Økonomisk utvikling

	2017	2018	2019	2020	2021
Driftsinntekter	9.144	9.429	9.107	9.316	9.629
Driftsresultat	-918	393	-72	447	-237
Nettodriftsresultat	-896	415	-38	467	-230
Eigenkapital	433	950	1 318	1 740	1 504

### Kommunal løyving

2012: 2 mill kr., 2013; 1,72 mill kr., 2014; 3,36 mill. og 2015: 2.960 mill kr samla, driftstilskot (2.210) og betaling for skulesymjing.(0,75),  
 2016-2018: samla kr 2.950 mill kr, driftstilskot 2.2 mill kr og betaling for skulesymjing 0.75 mill kr.  
 2019: samla kr 3.025 mill kr, driftstilskot 2.25 mill kr og betaling for skulesymjing 0.775 mill kr  
 2020: samla 2.867 mill kr, driftstilskot 2.25 mill kr og betaling for skulesymjing 0.617 mill kr (redusert skulesymjing grunna Covid19)  
 2021: Samla 3.101 mill kr, driftstilskot 2,3 mill kr og betaling for skulesymjing 0,801 mill kr

## Mål for eigarskap

### Kommentar:

Motivet er både effektivisering/kvalitetsutvikling av tenesteproduksjonen samt samfunnsøkonomisk og regionalpolitisk posisjonerings.

## Framtidig eigarskap

### Kommentar:

Vidareføra eigarskap, vidareutvikling av anlegget.

<b>Generelt</b>	
Namn på selskap:	<b>Simas IKS</b>
Type selskap:	<i>Interkommunalt selskap</i>
Adresse:	<i>Festingedalsvegen 368, 6854 Kaupanger</i>
Telefon:	<i>57 65 70 70</i>
Nettadresse:	<a href="http://www.simas.no">www.simas.no</a> <a href="#">Lenke til oppdatert selskapsinformasjon</a>

<b>Eigarskap</b>	
Eigardel LK:	<i>15,9%</i>
Andre større eigarar:	<i>Kommunane Sogndal (36,7 %), Årdal (15,8 %), Høyanger (12,0 %), Vik (7,8 %), Lærdal (6,4 %), og Aurland (5,4 %).</i>
Lån/garanti frå LK:	<i>Ja, etter eigardel.</i>

<b>Leiing</b>	
Styre/styreleiring:	<i>Leiar Torunn Gauteplass Hønsi, nestleiar Petter Sortland, Ernst Ståle Øvstetun, Jøril Hovland, Birgit Olaug Lervik, Åge Skrede og Marianne Ovrid.</i>
Ev oppnemning av LK:	<i>Marianne Bugge og Elin Hauge sit i representantskapen</i>
Godtgjersle	<i>Styreleiar har fast årleg godtgjersle kr 70.000. Nestleiar har fast godtgjersle kr 12.000. Styremedlemmene har fast årleg godtgjersle på kr 5300. Det vert og betalt møtegodtgjersle.</i>
Dagleg leiing:	<i>Hallvard Thomassen</i>
Ev revisor	<i>Vestland Revisjon KO</i>
Valnemnd	<i>Vibeke Johnsen (leiari), Audun Mo og Roy Egil Stadheim</i>

<b>Om selskapet</b>	
Bakgrunn:	<i>Nye krav til avfallshandtering, deponi i kommunane som ikkje lenger kunne nyttast m.v.</i>
Vedtekter:	<a href="#"><i>Selskapsavtale</i></a>
Føremål:	<i>Løysa eigarkommunane sine oppgåver innan avfallshandtering på ein best mogeleg måte økonomisk, ressurs- og miljømessig. SIMAS må bistå kommunen og innbyggjarane i omstillinga til eit meir berekraftig samfunn</i>

Kommentar:	<p>Selskapet arbeider godt i høve avfallshandtering i ei tid der det stadig kjem nye føringar for handtering; sortering (miljømessig god handtering av ulike fraksjonar), gjenbruk og attvinning av materiale og energi.</p> <p>Selskapet har ansvaret for miljøstasjonen i Gaupne, den største utestasjonen for selskapet. Kommunen er driftsoperatør og får dekka utgiftene sine. Tal på besøkande på miljøstasjon i Gaupne er aukande. I 2020 vart forprosjektet «Luster Miljøpark» gjennomført. Målsettinga med ny miljøstasjon er å legge til rette for meir ombruk, betre logistikk og betre kontroll med hage/park-avfallet. Hausten 2020 vart det vedteke å investere i ny miljøpark på Røneidsgrandane. Her hadde Luster kommune ansvaret for å ferdigstille byggeklar tomt. Miljøparken opna i mai 2022. Ved bygging av miljøparken legg ein også til rette for å nytte brukte byggevarer og alternativ utnytting av andre avfallsfraksjonar. Når miljøparken opnar vert opningstidene ved anlegget auka og ein planlegg også auka bruk av anlegget for fleire arbeidsoperasjoner for å få kostnadseffektiv drift i selskapet. SIMAS vil i større grad drifte alle miljøstasjonane i eigenregi framover, men vil også i framtida ha behov for driftsstøtte frå eigarkommunane.</p> <p>Selskapet har og ansvaret for slamtømminga i kommunen. Gebyrnivået i selskapet er på eit gjennomsnittsnivå om ein samanliknar selskapet med andre selskap med tilsvarende renovasjonsløysing. Dei siste 10 åra er det investert om lag 100 millionar kroner i selskapet, det meste som følgje av krav frå ulike myndigheter. Renovasjonsgebyra har i same periode vore på nivå med konsumprisindeksen.</p> <p>SIMAS fekk i 2021 ny strategiplan SIMAS – Avfall 2025. Planen tek utgangspunkt i dei overordna krava som vert sett til verksemda, i tillegg tek og planen opp dei lokale utfordringane som regionen har innan avfallshandtering. Styret er opptekne av at selskapet skal vere ei sentral kompetansebedrift innan avfallshandtering. Samstundes ønskjer styret å legge til rette for meir lokal verdiskaping med utgangspunkt i ressursane verksemda samlar inn.</p> <p>Den daglege drifta i selskapet har fylgjande hovudfokus:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kontinuerleg informasjon for å halde fokus på avfallssortering og setje fokus på på mindre produksjon av avfall og meir gjenbruk</li> <li>• Fylgje opp kundeavtalar og handsame søknader raskt og rettvist</li> <li>• Auke gjenvinningsgraden på avfallet SIMAS handterer</li> <li>• SIRKLA Ressurs AS (tidl. SIMAS Næring AS) som aktiv aktør i den konkurranseutsette marknaden</li> </ul>
------------	---

**Økonomi (tal i tusen)****Økonomisk utvikling**

	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
<i>Driftsinntekter</i>	65.708	74.576	73.705	79.246	85.976
<i>Driftsresultat</i>	1.711	1.901	1.647	6.503	9.794
<i>Ord.res.før skatt</i>	182	978	328	6.065	9.148
<i>Eigenkapital</i>	19.671	19.682	14.772	14.543	18.906

Utbytte:

0

(Overskot vert disponert slik:

- overført til fond for hushaldningsrenovasjon: 5.9 mill.kr
- overført til fond for slamrenovasjon: 0,7 mill.kr
- avsett til anna eigenkapital: 2,8 mill.kr)

Utbytte LK:

-

Kommunal løyving

-

**Mål for eigarskap**

Kommentar: Effektivisering og kvalitetsutvikling av tenesteproduksjon

**Framtidig eigarskap**

Kommentar: Vidareføra eigarskap.

<b>Generelt</b>	
Namn på selskap:	<b>Sogn Brann og Redning IKS</b>
Type selskap:	<i>Interkommunalt selskap</i>
Adresse:	Kulturhuset, 6856 Sogndal
Telefon:	57 62 96 00
Nettadresse:	<a href="http://www.sognbrann.no">www.sognbrann.no</a> <a href="#">Lenke til oppdatert selskapsinformasjon</a>
<b>Eigarskap</b>	
Eigardel LK:	27%
Andre større eigarar:	Sogndal (56%) og Vik (17%).
Lån/garanti frå LK:	Ja, etter eigardel.
<b>Leiing</b>	
Styre/styreleiing:	<i>Leiar Oddbjørn Ese, nestleiar Anette Stegegjerdet Norberg, Per Steinar Siggum, Randi Marie Sjøholt, Jon Håkon Odd, Geir Ove Sva (tilsettrepr.) og Daniel Tverberg (tilsettrepr.).</i>
Leiar rep.skap:	Arnstein Menes
Ev «oppnemning» LK:	Anette Stegegjerdet Norberg og Per Steinar Siggum. Ivar Kvalen og Elin Hauge sit i representantskapen.
Godtgjersle:	Styreliar 45 000, nestleiar 15 000 og styremedlem 12 000. Leiar i representantskapen 1500.
Dagleg leiing:	Brann- og redningssjef Vidar Trettenes.
Ev revisor	Vestland Revisjon KO
Valnemnd	Roy Egil Stadheim (leiar), Elin Hauge og Arnstein Menes.
<b>Om selskapet</b>	
Bakgrunn:	Krav om «profesjonalisering». Interkommunal løysing. Selskapet etablert januar 2011 og overtok frå mai 2011 dei no tre deltakarkommunane sine oppgåver innan brannområdet.
Vedtekter:	Selskapsavtale sist handsama i k-sak 57/20
Føremål:	Felles brann og redningsteneste for å ivareta lovpålagde brannvern-oppgåver i eigarkommunane.
<b>Status, utvikling av selskapet</b>	
Kommentar:	<p>Selskapet har utarbeidd brannordning for den nye «brannkommunen» og arbeidar etter denne. Selskapet har rusta opp materiell og utstyrssida.</p> <p>Selskapet er godt på veg i høve til tiltak for å dekke opp kompetansekrav.</p> <p>I 2020 var det 179 hendingar/utrykningar og i 2021 173. I 2021 var 51 oppdrag knytt til Luster kommune.</p> <p>Dei 173 hendingane i 2021 totalt sett fordeler seg slik:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- 38,1% av utrykningane er unødige</li> <li>- 23% av utrykningane er knytt til ulukker (av desse er 57,5% trafikkulukker og 27,5% helseoppdrag)</li> <li>- 24,8% av utrykningane er til brannar (av 43 brannar er 18,6% (8stk) i bygning</li> <li>- 14,2% er andre oppdragstypar</li> </ul> <p>Selskapet er tillagt oppgåva med byggetilsyn etter pbl. I 2021 er det i Luster 1 ferdige tilsyn og 1 sak under arbeid.</p> <p>Gaupne brannstasjon har fem utrykningsleiarar og 11 brannkonstablar. Det er vaktordning der utrykningsleiar og brannkonstabel/sjåfør går dreiane vakter.</p>

	Hafslo har seks brannkonstablar, det er ikkje vaktordning der. Veitastrand depot har friviljuge mannskap som ikkje er tilsette i SBR.
--	---

Kommentar:	Det har vore stor kostnadsvekst i selskapet som har flata ut dei siste åra. «Profesjonalisering» og eksterne krav er dei store faktorane for kostnadsvekst.
------------	---

### Økonomi (tal i tusen)

#### Økonomisk utvikling

	2017	2018	2019	2020	2021
Drifts-inntekter	29.256	29.809	32 434	34 590	37 321
Res.før skatt	1.338	-1.898	150	1 010	3 395
Eigen-kapital	8.741	6.429	5 100	3 696	13 061

Ubytte:

-

Ubytte LK:

-

#### Kommunal løyving

Betaling for tenester etter fordelingsnøkkel.

	Beredskap	Førebyggande	Feiring	Byggetils.
2015	3.895.000	600.000	(760.000)	205.000
2016	4.227.000	600.000	(781.000)	232.000
2017	4.283.250	645.200	(813.500)	247.614
2018	4.440.000	700.000	(800.000)	250.000
2019	4.959.977	745.861	(882 000)	261.317
2020	5.492.685	802.613	(922 000)	275.859
2021	5.545.443	800.100	(1179 834)	274.200

\*Kommunane ber sjølve driftsutgiftene med brannstasjonane, for Luster kommune sin del om lag kr 120.000 eks. mva pr. år.

\*Feiring er ei sjølvkostteneste og gebyrnivået skal dekka opp. I ein oppstartsfasa har det vore kravt inn driftstilskot frå kommunane pr pipe med avrekning etter utført feiring/frekvens mv.

### Mål for eigarskap

Kommentar: Effektivisering og kvalitetsutvikling av tenesteproduksjon

### Framtidig eigarskap

Kommentar: Vidareføra eigarskap.

<b>Generelt</b>	
Namn på selskap:	<b>Vestland revisjon KO</b>
Type selskap:	Kommunalt oppgåvefellesskap
Adresse:	Hafstadvegen 42, 6800 Førde
Telefon:	57 61 26 41
Nettadresse:	<a href="#">Lenke til oppdatert selskapsinformasjon</a>

<b>Eigarskap</b>	
Eigardel LK:	<i>I samarbeidsavtalen §7 er det fastsett at kommunar under 5000 innbyggjarar har ei røyst, i intervallet 5001 – 10000 to røyster og over 10000 har tre røyster. Dette baserer seg på oppdaterte folketal pr. 01.01. Det er p.t. 27 røyster i representantskapen, fordelt på 16 representantar. Luster kommune har 2 røyster, og svarar difor for 2/27 av oppgåveselskapet, eller 7,4%.</i>
Andre større eigarar:	<i>16 kommunar i gamle Sogn og Fjordane</i>
Lån/garanti frå LK:	<p><i>Den einskilde deltarar i eit kommunalt oppgåvefellesskap har uavgrensa økonomisk ansvar for sin del av oppgåvefellesskapet sine forpliktingar. Her nyttar ein sist oppdaterte folketal i Statistisk Sentralbyrå som grunnlagsdata for fordelinga; jfr. § 7. Til saman utgjer det oppgåvefellesskapet sine samla forpliktingar. Opgåvefellesskapet sine kreditorar må først gjere sine krav gjeldande mot oppgåvefellesskapet.</i></p> <p><i>Dersom kreditor ikkje får dekka kravet sitt innan 14 dagar rekna frå dato for påkrav, kan kreditor krevje den einskilde deltararen for sin del av forpliktinga. Ein deltarar som heilt eller delvis har dekka sin del av ei fordring på oppgåvefellesskapet, kan straks krevje tilbakebetalt utlegg sitt frå oppgåvefellesskapet.</i></p> <p><i>Ein deltarar som trer ut av oppgåvefellesskapet, held fram med å ha økonomisk ansvar for sin andel av dei forpliktingane som oppgåvefellesskapet har på det tidspunktet deltararen trer ut. Det same gjeld dersom oppgåvefellesskapet blir oppløyst</i></p>

<b>Leiing</b>	
Styre/styreleiing:	Trygve Jacobsen (leiar), Laura Kvamme (nestleiar), Morten Midlang, Stein Robert Osdal, Venke Kollbotn, Charlotte Melvær Skjølberg og Stig Årdal.
Ev oppnemning av LK:	Til representantskapen er ordførar valt som medlem og varaordførar som varamedlem.
Godtgjersle:	Styreleiar 50 000 kr, elles møtegodtgjersle kr. 1000 pr. møte. Leiar i representantskapen har kr. 25 000.
Dagleg leiing:	Asgeir Tveit
Ev revisor	Vestlandsrevisjon IKS
Valnemnd	Petter Sortland (leiar), Martin Savland og Solveig Lien Gusdal.

<b>Om selskapet</b>	
Bakgrunn:	<i>Fram til 2019 hadde Luster kommune revisionstenester fra Sogn og Fjordane revisjon, saman med fylkeskommunen og 8 sognekommunar. Frå 1.1.2020 vart dei tre revisionsselskapa i Sogn og Fjordane fusjonerte til Vestland Revisjon KO. Organiseringa av revisionstenester er i samsvar med krav i kommunelova.</i>
Vedtekter:	<i>Samarbeidsavtale, handsama i k-sak 15/19.</i>
Føremål:	<p>Revisjonssamarbeidet har som føremål å utføre revisjon i, og ha tilsyn med, deltakande kommunar, fylkeskommunar , og kommunale/interkommunale føretak etter kommunelova og tilhøyrande forskrifter og regelverk om revisjon.</p> <p>Deltakar i revisjonssamarbeidet er ikkje ope for andre enn kommunar og fylkeskommunar . Revisjonssamarbeidet kan ta på seg revisjon av kommunar, kommunale, fylkeskommunale og interkommunale verksemder og føretak, og elles oppgåver/oppdrag som lovverket til eikvar tid ikkje er til hinder for.</p> <p>Revisjonssamarbeidet skal fremme kommunane sine økonomiske interesser gjennom deira deltaking i samarbeidet , samstundes som samarbeidet er forplikta til å dekke kommunane sine behov for revisionstenester. Kommunane er forplikta til å kjøpe sine revisionstenester av samarbeidet .</p> <p>Revisjonssamarbeidet kan selge tenester til andre så lenge den totale delen av denne omsetnaden er innanfor grensene til gjeldande regler for utvida eigenregi, jf. lov og forskrift om offentlege anskaffingar.</p> <p>Revisjonssamarbeidet kan ikkje vere eigar eller deltakar i andre verksemder som kan kome i konkurranse med revisjonssamarbeidet sitt føremål.</p>

<b>Status, utvikling av selskapet</b>	
Kommentar:	<i>Selskapet er etablert i tråd med planen. Det tidlegare revisjonsselskapet til Luster kommune stod ikkje for forvaltningsrevisionar, men i Vestland revisjon KO er det inkludert 1 årleg forvaltningsrevisjon i kommunen sitt kjøp av tenester.</i>

**Økonomi (tal i tusen)****Økonomisk utvikling**

	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
<i>Driftsinntekter</i>				16 797	15 065
<i>Driftsresultat</i>				617	412
<i>Ord.res. før skatt</i>				617	412
<i>Eigenkapital</i>				2 281	6 559

Utbytte: 0

Utbytte LK: *Ikkje utbetalt utbytte, men tilbakebetaling av mindreforbruk samanlikna med budsjett på 3,18 mill.kr. Luster kommune fekk refundert kr 140.263,- av dette mindreforbruket etter 2021.*

Kommunal løyving *Betaling for teneste frå Sogn og Fjordane revisjon: 2013: kr 529.980, 2014: kr 505.470, 2015:kr 526.055, 2016:kr 484.000, 2017: kr 578.320, 2018: kr 722.990 og 2019: kr 799 412*

*Betaling for teneste frå Vestland revisjon KO:  
2020: kr 807 000 (inkluderer ein forvaltningsrevisjon)  
2021: kr 776 000 (inkluderer ein forvaltningsrevisjon)*

**Mål for eigarskap**

Kommentar: *Effektivisering og kvalitetsutvikling av tenesteproduksjon.*

**Framtidig eigarskap**

Kommentar: *Vidareføre eigarskap.*

<b>Generelt</b>	
Namn på selskap:	<b>Sognekraft Mor AS</b>
Type selskap:	Aksjeselskap
Adresse:	6893 Vik i Sogn
Telefon:	57 69 86 00
Nettadresse:	<a href="http://www.sognekraft.no">www.sognekraft.no</a> <a href="#">Lenke til oppdatert selskapsinformasjon</a>

<b>Eigarskap</b>	
Eigardel LK:	6,88%
Andre større eigara:	BKK , Vik kommune , Luster Energiverk og Sogndal kommune,
Lån/garanti frå LK:	Nei. Tidlegare ansvarleg lån er omgjort til as-kapital.

<b>Leiing</b>	
Styre/styreleiing:	Styreleiar Geir Arve Sandvik, nestleiar Laura Kvamme, Grete Hjetland, Jens Andreas Melheim, Silje Skaar Sunde og Arne Andreas Riisnes. Vald av dei tilsette: Jomar Leirdal og Rune Svedal.
Ev oppnemning av LK:	Geir Arve Sandvik er styreleiar
Godtgjersle:	Samla godtgjersle i 2021 er kr 365 000.
Dagleg leiing:	Terje Bakke Nævdal
Ev revisor	Deloitte AS, Karenlyst alle 20, 0278 Oslo

<b>Om selskapet</b>	
Bakgrunn:	Kommunen vart medeigar i AS Sognekraft i samband med siste utbygging av Årøy kraftverk. Kommunen eigde i denne samanheng fallrettar i Årøyvassdraget som selskapet fekk overta. Som vederlag for fallrettane fekk kommunen aksjar i selskapet.
Vedtekter:	Ja, samt aksjonæravtale vedteke i <a href="#">k-sak 25/20</a> .
Føremål:	Produsere og handle samt distribuere energi og anna infrastruktur knytt til slik verksemeld. Selskapet kan tilby tenestar i samband med dette. Verksemada kan drivast i samarbeid med eller ved deltaking i andre føretak med tilsvarende eller liknande føremål.

<p>Kommentar:</p>	<p>Sognekraft AS vart etablert i 1947, og har si kjerneverksemnd innan produksjon, distribusjon og sal av energi. 56 % av eigarskapen ligg i sogneregionen, medan BKK AS eig 44 %. Konsernet har i dag ca 120 tilsette, der 12 % av dei tilsette er busett i Luster kommune.</p> <p>Det siste året har Sognekraft gjennomført ei omfattende restrukturering, både som følge av endringa i energilova og som følge av strategisk tilpassing.</p> <p>Endringane i energilova medførte krav om straumnettverksemda måtte organiserast i eit eige selskap eigd av eit morselskap som ikkje omfatta anna enn administrative fellesstenester/ morselskapstenester. Vidare er det innført krav om eiga merkevare frå 2022. I 2021 fusjonerte nettverksemde til Sognekraft, Lærdal Energi og Aurland Energiverk – og nettselskapet Sygnir vart ein realitet. Sygnir er mellom dei 20 største nettselskapa i landet. Selskapet har etter dette 13000 nettkundar i eit straumnett som er om lag 3100 km langt.</p> <p>Dotterselskapet til Sognekraft AS, Sognenett AS, er den leiande leverandøren av fiber- og internetttenester i Sogn. Selskapet har om lag 7750 breibandkundar i Sogn, og er eigd med 70% av Sognekraft, og 10% kvar for energiselskapa Luster Energiverk AS, Aurland Energiverk AS og Lærdal Energi AS. Eigarskapet til infrastrukturen (mørk fiber) frå Sognekraft, Aurland og Lærdal er organisert i Sognekraft Fiber AS.</p> <p>Kraftproduksjonen er organisert i det heileigde selskapet Sognekraft (Produksjon). Kraftverket i Årøy, som nyttar vatnet som kjem frå Veitastrand og Hafslø, har ein gjennomsnittleg årsproduksjon på om lag 395 GWh i året. I tillegg disponerer Sognekraft kraftproduksjon gjennom heileigde og deleigde kraftverk på ytterlegare 372 GWh.</p> <p>I 2021 vart straumsalsverksemda til Sognekraft, SFE, Tafjord og Tussa slått saman til selskapet Wattn. Aktiviteten som omfattar kraftsal til sluttbrukar i Sognekraft vart såleis selt til Wattn i mai 2021, med oppgjer i aksjar i Wattn. Sognekraft eig såleis 15,4% av Wattn AS, som har ein kundebase på om lag 100.000 kundar.</p> <p>Dei siste åra har konsernet gjennomført store utbyggingsprosjekt i Sogn, både innan nettutvikling og ny kraftproduksjon. Dette omfattar blant anna bygging av 6 kraftverk ved Fjærlandsfjorden (no eigd av Clemens Kraft, men drifta av Sognekraft), Leikanger kraftverk vart sett i drift i mars 2021 (eigd 50% av Sognekraft, ny transformatorstasjon på Leikanger, Sogndal og Kaupanger. Bygging av 2 kraftverk i Lærdal (49% eigd av Sognekraft) og Mundal kraftverk i Fjærland pågår.</p> <p>Sognekraft har avtalt kjøp av Statnett sin «gamle» Leirdøla transformatorstasjon, som vert gjennomført i 2022 og endrar namn til Fonndøla transformatorstasjon. Denne skal byggast om, og legg til rette for at det kan etablerast eit datasenter på industriområdet som Luster kommune har etablert i området. Sognekraft har gått inn med ein eigapost på 33,4% i selskapet Sogn Datasenter AS i utviklingsfasen.</p> <p>På tampen av 2022 vart eigarkommunane invitert til å etablere Sogn Utvikling AS saman med Sognkraft AS.</p>
-------------------	---

<b>Økonomi – konserntal (tal i tusen)</b>						
Økonomisk utvikling (tala henta fra <a href="#">årsmeldinga til konsernet</a> s. 6, og er på konsernnivå)						
		2017	2018	2019	2020	2021
	Driftsinntekter	381.000	680.000	635.000	390.000	1030.000
	Driftsresultat	5.000	285.000	175.000	120.000	363.000
	Årsresultat	-41.000	162.000	94.000	81.000	187.000
	Eigenkapital	379.000	524.000	587.000	653.000	883.000
Utbytte:	<p>2013: 42 mill kr      2014: 29 mill kr      2015: 16.7 mill kr      2016: 10.0 mill kr      2017: 0      2018: 22.800 mill kr      2019: 24 mill.kr      2020: 26 mill.kr      2021: 40 mill.kr</p>					
Utbytte LK:	<p>2013: 2.900 mill kr, 2014: 1.990 mill kr, 2015: 1.148 mill kr., 2016: 0,7 mill kr, 2017:0, 2018:1,56 mill kr, 2019: 1,57 mill.kr, 2020: 1,72 mill.kr og i 2021: 2,75 mill.kr</p>					
Kommunal løyving						
<b>Mål for eigarskap</b>						
Kommentar:	<p><i>Finansielt og regionalpolitisk motivert eigarskap</i></p>					
<b>Framtidig eigarskap</b>						
Kommentar:	<p><i>Vidareføra eigarskap.</i></p>					

<b>Generelt</b>	
Namn på selskap:	<b>Luster Energiverk AS</b>
Type selskap:	Aksjeselskap
Adresse:	Gaupnegrandane, 6868 Gaupne
Telefon:	57 68 29 00
Nettadresse:	<a href="http://www.lusterenergi.no">www.lusterenergi.no</a> <a href="#">Lenke til oppdatert selskapsinformasjon</a>

<b>Eigarskap</b>	
Eigardel LK:	24,92%
Andre større eigarar:	Luster Sparebank (17,02%), Andre (66,34%)
Lån/garanti frå LK:	

<b>Leiing</b>	
Styre/styreleiing:	Anders Steinar Molland, styreleiar, Arne Kvalen, nestleiar, Grete Bugge, Jarle Magne Sperle, Ole Martin Bakken, Ronny Melheim
Ev oppnemning av LK:	
Godtgjersle:	Totalt får styret utbetalt kr 154.238 i styrehonorar i 2022, av dette er fast godtgjersle til styreleiar kr 55 903 og kr 2466 i møtegodtgjersle. Samla godtgjersle til styreleiar er kr 80 563.
Dagleg leiing:	Anders Molland
Ev revisor	Deloitte AS, Karenlyst alle 20, 0278 Oslo
Valnemnd	Kjell Opheimshaug (leiar), Laila Gjerde, Jon Galde.

<b>Om selskapet</b>	
Bakgrunn:	Ved samanslåing av Luster, Hafslø og Jostedal kraftverk eigde Luster kommune 13 % av aksjane i det nye selskapet. Kommunen har seinare kjøpt aksjar i selskapet og eig no 24,92 %.
Vedtekter:	<u>Ja</u> , med særlege bestemmelser for stemmeregler og krav til eigarar.
Føremål:	Å sørgra for ei turvande, sikker og rasjonell energiforsyning i Luster kommune som også tilfredsstiller indre og ytre miljøkrav. Å skapa verdiar for kundane, eigarane og samfunnet i Luster kommune. Å sørgra for ei sikker og rasjonell overføring og omsetning av elektrisk kraft på ein kostnadseffektiv måte til beste for både kundar og eigarar. Å ivareta det samfunnsmessige ansvaret som er gitt selskapet som naturleg monopol. Å omsetja og produsera kraft til konkurransedyktige prisar. Å arbeida aktivt for ein god energiøkonomi. Å driva anna verksemd i samband med dette slik som handel og installasjonsverksemd. Selskapet skal med si verksemd og sine aksjonærar sikre sterke band til Luster kommune. Luster Energiverk As har som 50% eigar i selskapet Luster Småkraft AS engasjert seg i småkraftutbyggingar i Luster. Fleire utbyggingar er ferdige, nokre utbyggingar under arbeid og nokre under planlegging og konsesjonshandsaming.

## Status, utvikling av selskapet

Kommentar:	<p>Selskapet spelar ein aktiv rolle i lokal kraftforsyning og ny småkraftutbygging i kommunen.</p> <p>Selskapet har eigarposisjon på 12% i Sognekraft.</p> <p>Luster Energiverk er utbyggar og eigar av fiber i kommunen.</p> <p><i>Luster Energiverk har ressursar som vert brukte i småkraftutbyggingane. LE har vore engasjert som prosjekt- og byggeleiar i fleire anlegg, og ynskjer å vidareutvikle prosjekt gjennom sin kompetanse</i></p> <p>Luster Energiverk har ansvar for å levere kraft til alle i kommunen og med tilfredsstillande kvalitet. Me har difor stort fokus på reinvesteringar i forsyningsnettet. Dette har ført til at forsyningsnettet er av god kvalitet.</p> <p>Selskapet skriv i si årsmelding for 2021 at dei har starta arbeidet med utbetring av linjenettet på strekninga Mordøla-Skjolden-Fortun isamband med planlagd småkraftutbygging. Dette arbeidet er planlagt ferdigstilt i løpet av 2022. Hydro Energi har skifta ut trafo i Fortun i samband med planlagd småkraftutbygging.</p> <p>Vidare har det vore utført mykje arbeid med jordingsanlegg, for Elecnor i samband med bygging av Statnett sin nye transformatorstasjon i Leirdøla. Anna arbeid som er utført er mellom anna tilkopling av Simas sin nye miljøstasjon på Røneidsgrandane og legging av høgspentkabel til Storelvi kraftverk.</p> <p>Det var planar om oppgradering av driftsentralen vår i 2021, då denne er viktig for å oppretthalde ei sikkerog god straumforsyning. Arbeidet vart planlagt og bestilt i 2021, medan arbeidet vart slutført våren 2022.</p>
<b>Omorganisering til konsern</b>	<p>Luster Energiverk AS vart skipa i 1915, i 1983 fusjonerte selskapet med L/L Hafslo Kraftlag og L/L Jostedal Kraftlag. Luster Energiverk AS har i gjennomført det myndighetspålagte selskapsmessige skilje mellom nettverksemnd og anna verksemd. Som ledd i omorganiseringa er nettverksemda i Luster Energiverk AS overført til det nye datterselskapet Luster Nett AS, medan all anna verksemd enn nett, dvs. installasjon, kraftsal, fiber/breiband mm, er overført til det nye datterselskapet Luster Energi AS. Luster Energiverk AS er morselskapet i konsernet og eig 100% i Luster Energi AS, 100% i Luster Nett AS og 100% i Luster Energi Eigedom AS. I tillegg har Luster Energiverk AS ei vesentleg rolle i Sage kraftverk AS (50%), Luster Småkraft AS (50%), Sognekraft Mor AS (12,9%) og Sognenett AS (10%).</p> <p><i>Luster kommune søker å oppheva dei spesielle stemmereglane i selskapet som set store avgrensingar for kor mange aksjar eigarane får stemmevekt for.</i></p>

## Økonomi konserntal (tal i tusen)

Økonomisk utvikling  
(tala henta frå [årsmeldinga til konsernet](#) s. 14, og er på konsernnivå)

	2017	2018	2019	2020*	2021*
Driftsinntekter	69.352	87.532	89.258	64.548	156.592
Driftsresultat	6.108	10.433	6.701	7.788	11.728
Ord.res. før skatt	9.616	12.181	13.706	10.165	23.888
Eigenkapital	135.860	140.241	147.968	168.759	185.763

\*I 2020 vart det gjennomført ei omdanning til konsern. Frå 2020 er det rekneskapstal for konsernet som er synt i oversynet.

Utbytte:	2013: 5.811 2014: 5.748 2015: 5.716 2016: 5.685 2017: 3.637 2018: 4.050 2019: 3.992 2020: 3.991 2021: 3.992
Utbytte LK:	2013: 1.278 mill kr, 2014: 1.393 mill kr, 2015: 1.393 mill kr, 2016: 1.407 mill kr, 2017: 0.836 mill kr, 2018: 0.99 mill kr., 2019: 1.006 mill.kr, 2020: 0.995 mill.kr og 2021: 0.995 mill.kr.
Kommunal løyving	

## Mål for eigarskap

Kommentar: Finansielt og samfunnsøkonomisk motivert eigarskap.

## Framtidig eigarskap

Kommentar: Vidareføra eigarskap

<b>Generelt</b>	
Namn på selskap:	<b>Sage kraftverk AS</b>
Type selskap:	Aksjeselskap
Adresse:	Gaupnegrandane, 6868 Gaupne
Telefon:	57 68 29 00
Nettadresse:	<a href="http://www.lusterenergi.no">www.lusterenergi.no</a> <a href="#">Lenke til oppdatert selskapsinformasjon</a>

<b>Eigarskap</b>	
Eigardel LK:	50%
Andre større eigarar:	Luster Energiverk 50%
Lån/garanti frå LK:	

<b>Leiing</b>	
Styre/styreleiing:	Ivar Kvalen, leiar, Anders Steinar Molland, Elin Hauge, Arne Kvalen.
Godtgjersle:	Total styrehonorar: Kr 27.031 til styreleiar og kr 2457 pr møte. Det har vore eitt styremøte i 2022. Styremedlemmer får kr 2457 pr møte.
Dagleg leiing:	Anders Molland
Ev revisor	Deloitte AS, Karenlyst alle 20, 0278 Oslo
Valnemnd	

<b>Om selskapet</b>	
Bakgrunn:	Ved kontrakt av 23.2.1940 mellom kommunen og Luster Kraftlag LL fekk selskapet leige vass- og grunnrettane i Kolstadelva i 50 år. Luster Energiverk AS søkte fornya konsesjon for bruksrett av regulering av Kolstadelvi m.v. i 1990. NVE har i 1995 tilrådd konsesjon fram til 5.8.2050. Då det er kommunen som er eigar av fallrettane vart det etter tingningar mellom LE og Luster kommune i 2000 semje om ei vidareføring av avtalen under føresetnad av at det vart skipa eit AS der LE og kommunen vart likeverdige partar. I avtalen har det nye AS rett til å leiga fallrettane vederlagsfritt fram til 2050 og deretter ein opsjon for vidare drift i ytterlegare 50 år.
Vedtekter:	
Føremål:	Utbygging og produksjon av elektrisk kraft.

<b>Status, utvikling av selskapet</b>	
Kommentar:	Luster energiverk syter for drift av Sage kraftverk. Normal produksjon er 35 Gwh. Etter større damrenovering i 2011/2012 har selskapet hatt normal produksjon.  <i>I 2016 vart det for første gong betalt utbyte til eigarane, sjå utbyttestatistikk under økonomioversyn.</i>  <i>Styremedlemmane i selskapet sit og i generalforsamlinga for selskapet. Kommunen sine vedtekne strategiar tilseier at ein skal vere bevisst slike dobbeltrollar.</i>

**Økonomi (tal i tusen)****Økonomisk utvikling**

	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
<i>Driftsinntekter</i>	9 875	13 647	12 751	2 415	22 401
<i>Driftsresultat</i>	4.629	7.762	7 463	-2 296	15 976
<i>Ord.res. før skatt</i>	3.880	7.285	6 868	-2 745	15 656
<i>Eigenkapital</i>	32.673	34.321	36 678	34 537	38 748

**Utbytte:** 2015: 0, 2016: 2 mill kr, 2017: 2 mill kr, 2018: 4 mill kr. 2019: 3 mill.kr, 2020: 0kr og i 2021 8 mill.kr

**Utbytte LK:** 2016: 1 mill kr, 2017: 1 mill kr, 2018: 2 mill.kr, 2019: 1,5 mill.kr, 2020: 0kr og i 2021 4 mill.kr.

**Kommunal løyving**

**Mål for eigarskap**

**Kommentar:** Finansielt og samfunnsøkonomisk motivert eigarskap.

**Framtidig eigarskap**

**Kommentar:** Vidareføra eigarskap  
  
*Kommunen har her eigarskap i eit selskap der kommunen eig alle fallrettane.*  
*I inngått avtale mellom eigarane har kommunen rett til krevja selskapet oppløyst dersom eigedommsforholda i LE vert endra (for eksempel meir enn 1/3 av eigarane i LE ikkje er heimeværande i kommunen) Dette gjeld likevel ikkje om det er kommunen som sel aksjar ut av kommunen.*  
*Ved avvikling av selskapet før 5.8.2050 har kommunen rett til å overta alle verdiar i selskapet til bokført verdi på opphørstidspunktet.*

<b>Generelt</b>	
Namn på selskap:	<b>Sogn skisenter AS</b>
Type selskap:	Aksjeselskap
Adresse:	Heggmyrane, 6869 Hafslo
Telefon:	57 68 45 11
Nettadresse:	<a href="http://www.sognskisenter.no">www.sognskisenter.no</a> <a href="#">Lenke til oppdatert selskapsinformasjon</a>

<b>Eigarskap</b>	
Eigardel LK:	27,1 %
Andre større eigarar:	Luster sparebank, Hafslo IL, HA-invest
Lån/garanti frå LK:	Lån i næringsfondet ca 3.4 mill kr.

<b>Leiing</b>	
Styre/styreleiing:	Kjetil Hovland, Hilmar Bruheim, Jon Ove Lomheim, Svein Solheim, Johannes Flohaug, Tanja Mari Fiskaa Haugen og Lars Olav Halleråker.
Ev oppnemning av LK:	
Godtgjersle:	Styreleiar får godtgjersle på kr 30 000 pr. år. Nestleiar får kr 15 000 pr. år , og styremedlemar får kr 500 pr. styremøte.  <i>I 2020 hadde selskapet ikkje nestleiar i styret. Samla utbetaling til styremedlemar i 2020 var kr 39 500.</i>
Dagleg leiing:	Runar Tørvi
Ev revisor	Vestlandsrevisjon AS
Valnemnd	

<b>Om selskapet</b>	
Bakgrunn:	Luster kommune har både gjennom eigarskap, lån frå næringsfondet og årlege økonomiske bidrag vore med for å byggje opp eit skianlegg med god kvalitet innafor både alpint og langrenn.
Vedtekter:	
Føremål:	Byggje, eige og drive idrettsanlegg på Heggmyrane i Luster kommune.

<b>Status, utvikling av selskapet</b>	
Kommentar:	<p><i>Sogn Skisenter skal vere eit godt tilbod for dei som bur i kommunen og regionen, og målet er at Sogn Skisenter sine kvalitetar også skal dra fleire besökande til regionen på vinterstid.</i></p> <p><i>Styrka vassforsyning til snøproduksjon og den nye Sognahaiesen var på plass i vintersesongen 2015. Det har og vore arbeidd med andre tiltak ved Skisenteret. Snøforholda påverkar omsetninga ved Sogn Skisenter mykje.</i></p> <p><i>Reguleringsplanen for området er godkjend. Det er no arbeid med avtalar med grunneigarane basert på reguleringsplanen sine føringar. Gjennom dialogen har det kome opp behov for å sjå på reguleringsplanen på nytt, dette jobbar Luster kommune med.</i></p>

**Økonomi****Økonomisk utvikling**

	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
<i>Driftsinntekter</i>	4.293	4.252	3 584	4 160	4 780
<i>Driftsresultat</i>	455	330	-782	28	816
<i>Ord.res.før skatt</i>	279	172	-932	-69	169
<i>Eigenkapital</i>	1.975	2.148	1 215	1 146	1 915

Utbytte:

-

Utbytte LK:

-

Kommunal løyving *I k.sak 52/13 vart det vedteke at Luster kommune skal yte eit årleg tilskot til Sogn Skisenter i perioden 2014 – 2016 på minimum kr 900.000. Tilskotsnivået vart vidareført i 2017 – 2020. I 2021 har tilskotet vore 925 000 kr.*

**Mål for eigarskap**

Kommentar: Samfunnsøkonomisk motivert eigarskap.

**Framtidig eigarskap**

Kommentar: Vidareføra eigarskap, vidareutvikling av anlegget.

**Generelt**

Namn på selskap:	<b>Fjordstova AS</b>
Type selskap:	Aksjeselskap
Adresse:	6876 Skjolden
Telefon:	57 68 67 44
Nettadresse:	<a href="http://www.skjolden.com">www.skjolden.com</a> <a href="#">Lenke til oppdatert selskapsinformasjon</a>

**Eigarskap**

Eigardel LK:	26%
Andre større eigarar:	Skjolden Hotell AS 18%, Andre 56%

**Leiing**

Styre/styreleiing:	Arne J Hauge (styreleiar), Johnny Gjerde, Torill Neverdal, Tore Storli Sandberg, Arild Paulsen og Elisabeth Stokkenes
Ev oppnemning av LK:	
Godtgjersle:	
Dagleg leiing:	Turid Øiene
Ev revisor	PriceWaterHouseCoopers AS, Dronning Eufemiasgt. 8, 0191 Oslo
Valnemnd	

**Om selskapet**

Bakgrunn:	
Vedtekter:	
Føremål:	<p>Eige og drive idrettshall, samfunnshus, og næringsbygg, herunder arrangere idrettstevlinger, sosiale samver, konferansar, kurs, kongressar o.l.</p> <p>Vidare skal selskapet drive utleige av lokale og utstyr, handel og anna økonomisk verksemd knytt til drifta av selskapet sin eide dom.</p>

**Status, utvikling av selskapet**

Kommentar:

**Økonomi (tal i tusen)**

Økonomisk utvikling

	2017	2018	2019	2020	2021
Driftsinntekter	1.697	1.597	1 691	1 242	1 900
Driftsresultat	-126	-60	-78	16	220
Ord.res. før skatt	-125	-59	-78	15	217
Eigenkapital	1.227	1.168	1 091	1 105	1 322

Utbytte:

0

Utbytte LK:

-

Kommunal løyving

2013: 858.000 kr, 2014: 860.000 kr, 2015: 858.000 kr,  
 2016: 858.000 kr, 2017 858.000 kr, 2018: 911 625 kr,  
 2019: 858 000kr. 2020: 858 000 kr og i 2021: 884 000 kr

**Mål for eigarskap**

Kommentar: Samfunnsøkonomisk motivert. Effektivisering og kvalitetsutvikling av tenesteproduksjon.

**Framtidig eigarskap**

Kommentar: Videreføra eigarskap.

<b>Generelt</b>	
Namn på selskap:	<b>Luster Treningssenter AS</b>
Type selskap:	Aksjeselskap
Adresse:	Øyagata 16, 6868 Gaupne
Telefon:	57 68 44 35
Nettadresse:	<a href="http://www.lustertrening.no">www.lustertrening.no</a> <a href="#">Lenke til oppdatert selskapsinformasjon</a>

<b>Eigarskap</b>	
Eigardel LK:	19,61%
Andre større eigarar:	<i>LHL Luster (30,5 %), IL Bjørn (22,7%), Luster revmatikarf. (16,4%), Gaupne Helselag (10,5%)</i>
Lån/garanti frå LK:	
<b>Leiing</b>	
Styre/styreleiring:	<i>Kjell Arild Brendstuen (styreleiar), Bjørn Tore Årøy, Britt Marie Veum Hauge, Laila Irene Røneid, Carolina Johanna Hendrika Van Elswijk og Hege Molin Sie</i>
Ev oppnemning av LK:	
Godtgjersle:	
Dagleg leiing:	<i>Jori Solstad Skorve</i>
Ev revisor	Pricewaterhousecoopers AS

<b>Om selskapet</b>	
Bakgrunn:	<i>Luster kommune har gått inn på eigarsida i selskapet for å få etablert eit treningscenter av god kvalitet i kommunen. Luster treningscenter vert nytta av Luster kommune i høve tilsette og er også ein del av folkehelsearbeidet i kommunen.</i>
Føremål:	<i>Aktivitetar som kan betre helse for brukarane. Selskapet skal legge til rette for både konkurranse- og helseorientert trening/rehabilitering.</i>

<b>Status, utvikling av selskapet</b>	
Kommentar:	<i>God, aukande aktivitet i selskapet. Luster Treningssenter har flytta inn i Friskhuset.</i>

<b>Økonomi (tal i tusen)</b>	
Økonomisk utvikling	
<i>Driftsinntekter</i>	3.073
<i>Driftsresultat</i>	350
<i>Ord.res før skatt</i>	350
<i>Eigenkapital</i>	1.431
Utbytte:	0
Utbytte LK:	-
Kommunal løyving	

<b>Mål for eigarskap</b>	
Kommentar:	<i>Samfunnsøkonomisk motivert eigarskap.</i>

<b>Framtidig eigarskap</b>	
Kommentar:	<i>Vidareføra eigarskap.</i>

## Framtidig eigarskap

### Generelt

Namn på selskap:	<b>Sogneprodukt AS</b>
Type selskap:	Aksjeselskap
Adresse:	6893 Vik i Sogn
Telefon:	57 63 89 40
Nettadresse:	<a href="http://www.sogneprodukt.no">www.sogneprodukt.no</a> <a href="#">Lenke til oppdatert selskapsinformasjon</a>

## Eigarskap

Eigardel LK:	5,32%
Andre større eigarar:	Vik kommune 37%, Vestland fylkeskommune 20%, Sogndal kommune 16,1%, Årdal kommune 6,65%, Luster kommune 5,32%. Resten sognekommunar og bankar.
Lån/garanti frå LK:	

## Leiing

Styre/styreleiing:	Stig Roar Hovland (styreleiar), Marie-Helene Hollevik Brandsdal (nestleiar), Frode Valsvik, Anne Marit Grov, Karen Marie Hjelmeseter, Beate Bondevik Lie og Stig Nesbø
Ev oppnemning av LK:	
Godtgjersle:	Styreleiar sitt honorar per år er 35 000 kr. Nestleiar sitt honorar per år er 10.500 kr. Andre styremedlemer og 1. vara sitt honorar per år er 7 000 kr. Godtgjersle per møte er 2000 kr for alle styremedlemene.
Dagleg leiing:	Ragnhild Fjærrestad
Ev revisor	RSM Norge
Valnemnd	Ordførarane i Vik (leiar), Sogndal og Årdal.

## Om selskapet

Bakgrunn:	Selskap for å skaffe arbeid for dei som ikkje var i stand til å konkurrere om arbeidsplassane i det ordinære arbeidslivet vart realisert i Vik i 1976. Aktiviteten er over tid utvida til fleire lokalitetar i Sogn med avd. på Kaupanger.
Vedtekter:	

### Føremål:

Å skape grunnlag for attføring av yrkeshemma. Føremålet med attføringsverksemda er avklaring og kvalifisering med sikte på formidling til ordinært arbeidsliv eller utdanning. Verksemda kan også i avgrensa omfang gje tilbod om varig sysselsetting for personar som ikkje er aktuelle for den opne arbeidsmarknaden eller for andre sysselsettingstiltak.

## Status, utvikling av selskapet

Kommentar:	<p>Sogneprodukt har i fleire år vore ei av dei beste arbeids- og inkluderingsbedriftene i landet basert på formidlingsresultat. Sogneprodukt låg i 2022 om lag på landsgjennomsnittet på formidling i arbeid frå AFT-tiltaket på 49%. 17 vart formidla til arbeid og 2 til utdanning. I 2022 runda Sogneprodukt 100 sogningar tilbake til jobb frå AFT-tiltaket.</p> <p>Sogneprodukt tilbyr i hovudsak 2 arbeidsretta tiltak til NAV Sogn, som NAV Luster er ein del av: Arbeidsførebuande trening AFT og Arbeidsretta rehabilitering ARR. AFT-tiltaket er for personar som står langt unna arbeid og har usikre forutsetjingar for å klare å kome tilbake i arbeid utan bistand. ARR-tiltaket er for personar som er sjukmelde og treng bistand i å kome raskt tilbake på jobb eller bistand i å sjå nye karrieremuligheiter.</p> <p>Store endringar i rammevilkåra har vore utfordrande for verksemda siste åra. Omstrukturering av NAV, fylkeskommunen og eigarkommunar har til tider gått utover «drifta».</p> <p>Anbodsutsetjing av NAV-tiltaka Oppfylging og Avklaring, der me ikkje nådde opp i konkuransen i 2016 og i 2020 har utfordra. Dette var tenester Sogneprodukt tidlegare leverte. I januar 2020 kom signal om at Regjeringa ved Arbeids- og sosialdepartementet ville foreslå å også anbodsutsetje AFT-tiltaket. Den trusselen vart stoppa av noverande regjering. Det har vist seg at «vesle» Sogneprodukt sjølv med svært gode formidlingsresultat og lokalkunnskap ikkje har lukkast med å vinne dei store anboda til NAV Vestland. Det må jobbast for å unngå anbodsutsetjing av AFT-tiltaket både fordi det er ein trussel for Sogneprodukt, men mest for at eit så spesialtilpassa og individuelt tiltak til dei aller svakast ikkje er egna for anbod.</p> <p>Eigarkommunane våre satsar på prosjektet «Sogn for alle» der Sogneprodukt hausten 2021 vann første runde av delprosjektet «SognaLoop». Prosjektet fekk mindre midlar enn tenkt og koordinatorrollen vår mot næringslivet vart avslutta sommaren 2022.</p> <p>For å trygge Sogneprodukt er det jobba med å tilby tenester til kommunane som høver spesielt for ungdom som har interesse innafor det digitale og det kreative. Denne satsinga er fysisk lokalisert på Kaupanger, men med rett tilrettelegging kan deltakarar også sitje på «satellittkontor».</p> <p><i>Nyare informasjon</i></p> <p>23.12.22 gav NAV selskapet melding om at AFT plassane vert redusert frå 34 til 24 plassar frå 01.07.22. Dette utgjer ei omsetning på 2,3 mill. kr, men også eit stort tap for dei svakaste med samansette behov som har bruk for dette tilbodet. Dette i tillegg til høge straumkostnader, ein mekanisk avdeling som slit og negative resultat har gjort at styret har vedteke ein omstillingssprosess for heile selskapet som vert jobba med første del av 2023.</p>
------------	--

**Økonomi (tal i tusen)**

Økonomisk utvikling

	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
<i>Driftsinntekter</i>	43 492	33 029	35 232	33 254	38 850
<i>Driftsresultat</i>	-775	-2 702	-1 548	212	-1 619
<i>Ord.res. før skatt</i>	-673	-2 630	-1 467	339	-1 488
<i>Eigenkapital</i>	29 091	26 462	24 995	25 335	23 846

Utbytte: 0

Utbytte LK: 0

Kommunal løyving

**Mål for eigarskap**

Kommentar: Samfunnsøkonomisk motivert eigarskap.

**Framtidig eigarskap**

Kommentar: Vidareføra eigarskap

<b>Generelt</b>	
Namn på selskap:	<b>SognLab AS</b>
Type selskap:	Aksjeselskap
Adresse:	Parkvg. 17, 6856 Sogndal
Telefon:	57 67 67 30
Nettadresse:	<a href="http://www.sognlab.no">www.sognlab.no</a> <a href="#">Lenke til oppdatert selskapsinformasjon</a>

<b>Eigarskap</b>	
Eigardel LK:	20,25%
Andre større eigarar:	Kommunane Sogndal, Årdal, Aurland, Vik, Lærdal.
Lån/garanti frå LK:	

<b>Leiing</b>	
Styre/styreleiing:	Trond Øyen Einemo (styreleiar), Ann Kristin Sperle og Antonella Patricia Vidal Ottone.
Ev oppnemning av LK:	Ann Kristin Sperle
Godtgjersle:	
Dagleg leiing:	Silje Bjørneklett
Ev revisor	<i>Ellingsen Regnskapsservice AS, Parkvg. 2, 6856 Sogndal</i>
Valnemnd	

<b>Om selskapet</b>	
Bakgrunn:	<i>Omdanning av næringsmiddeltilsynet til mattilsynet sette krav om utskilling/konkurranseutsetting av laboratorietenestene. Kommunane i Sogn etablerte aksjeselskap for å kunne tilby laboratorienester i regionen.</i>
Vedtekter:	
Føremål:	<i>Levere laboratorienester til offentlige og private kundar med hovudvekt på testing av vatn, miljø, kjøt og fisk, konsulentverksemeld og anna verksemeld med tilknyting til dette, her medrekna deltaking i andre selskap med liknande verksemeld.</i>

<b>Status, utvikling av selskapet</b>	
Kommentar:	<i>Kommunane brukar eige selskap i kontroll av vasskvalitet, avløpsvatn mv. For ein del av arbeidet er beredskap, nærliek og tilgjengeleg kompetanse i regionen viktig og då selskapet kan tilby konkurransedyktige prisar har kommunane sluttar opp om selskapet.</i>

**Økonomi (tal i tusen)**

Økonomisk utvikling

	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
<i>Driftsinntekter</i>	2 405	2 564	3 002	2 853	3 073
<i>Driftsresultat</i>	50	-89	76	147	203
<i>Ord.res. før skatt</i>	58	-87	83	131	210
<i>Eigenkapital</i>	1 227	1 140	1 224	1 355	1 519

Utbytte:

Utbytte LK:

Kommunal løyving *Kjøp av tenester.***Mål for eigarskap**

Kommentar:	<i>Samfunnsøkonomisk motivert. Effektivisering og kvalitetsutvikling av tenesteproduksjon.</i>
------------	--

**Framtidig eigarskap**

Kommentar:	<i>Videreføra eigarskapen.</i>
------------	--------------------------------

<b>Generelt</b>	
Namn på selskap:	<b>Visit Sognefjord AS,</b>
Type selskap:	Aksjeselskap
Adresse:	Fosshaugane Campus, Trolladalen 30, 6856 Sogndal
Telefon:	992 31 500
Nettadresse:	<a href="http://www.sognefjord.no">www.sognefjord.no</a> <a href="#">Lenke til oppdatert selskapsinformasjon</a>

<b>Eigarskap</b>	
Eigardel LK:	3,65%
Andre større eigara:	Reiselivsbedrifter og sognekommunar.
Lån/garanti frå LK:	

<b>Leiing</b>	
Styre/styreleiing:	Terje Kjørnes (styreleiar), John Emil Myhre, Siri Johanne Solberg Dalehaug, Trygve B. Skjerdal, Øivind Wigand, May Lene Steinheim Lunden, Trine Grøttebø og Line Bjelde
Ev «oppnemning» av LK:	
Godtgjersle:	0
Dagleg leiing:	Ståle Brandshaug
Ev revisor	Deloitte AS. Karenlyst alle 20, 0278 Oslo
Valnemnd	

<b>Om selskapet</b>	
Bakgrunn:	Gjennom etableringa av Visit Sognefjord AS vart det selskapet som til då var Luster sitt reisemålsselskap, Reisemål Sogndal og Luster AS, vedteke nedlagt. Luster kommune har i kommunestyrevedtak gått inn på eigarsida i selskapet (kr 77.000) og bunde seg til ein avtale om årlege løyvingar til selskapet i ein periode på tre år (2013, 2014, 2015 - 399.000 kr årleg). Denne avtalen er forlenga slik at kommunal løyving er kr 429.000 i 2016, 440.000 i 2017 og 451.000 i 2018
Vedtekter:	<p>Føremål:</p> <p>Visit Sognefjord skal vere eit felles sals-, marknadsførings- og kompetanseorgan for bedrifter, kommunar og organisasjonar som har interesser knytt til reiselivsnæringa og profilering av regionen, og skal bidra til å løyse fellesoppgåver for reiselivsnæringa i dei deltagande kommunane. Visit Sognefjord skal gjennom samling og koordinering av ressursar og interesser arbeide for ei berekraftig utvikling av reiselivsnæringa for å sikre auka verdiskaping og sysselsetjing. Visit Sognefjord skal stimulera til kompetanseheving og produktutvikling og vera ein aktiv pådrivar for aktivitetar og prosjekt som er viktige for reiselivsnæringa. Visit Sognefjord skal marknadsføre regionen som reisemål for ferie-, fritids- og konferansemarknaden, samt bidra til heilskapleg marknadsføring av Sogneregionen som bu, arbeids- og opplevingsstad. Visit Sognefjord skal vere reiselivet i regionen sin representant i relevante lokale, nasjonale og internasjonale fora. Visit Sognefjord skal kunne delta i andre verksemder med same formål. Eventuelt overskot i selskapet kan ikkje delast ut i form av utbyte til eigarane, men skal utelukkande nyttast i framtidig drift av Visit Sognefjord.</p>

**Status, utvikling av selskapet**

Kommentar: Selskapet vart stifta 14.02.13 og har arbeidd godt. Det er god oppslutning frå næringa i regionen, og særleg frå Luster.

**Økonomi****Økonomisk utvikling**

	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
<i>Driftsinntekter</i>	11 531	11 575	12 295	12 576	12 295
<i>Driftsresultat</i>	54	37	-94	1 653	-94
<i>Ordres før skatt</i>	56	30	-80	1 283	-93
<i>Eigenkapital</i>	2 219	2 237	2 158	3 441	4 605

Utbytte:

Utbytte LK:

Kommunal løyving 2014 og 2015: 399.000 årleg, 429.000 i 2016, 440.000 i 2017, kr 451.000 i 2018, kr. 459.286 i 2019, kr. 470.768 i 2020 og kr. 482 537 i 2021

**Mål for eigarskap**

Kommentar: Regional og samfunnsøkonomisk motivert.

**Framtidig eigarskap**

Kommentar: Vidareføra eigarskap.

<b>Generelt</b>	
Namn på selskap:	<b>Sogn og Fjordane Holding AS</b>
Type selskap:	Aksjeselskap
Adresse:	Naustdalsvegen 1b, 6800 Førde
Telefon:	95 26 00 00
Nettadresse:	<a href="#"><u>Lenke til oppdatert selskapsinformasjon</u></a>

<b>Eigarskap</b>	
Eigardel LK:	3,61%
Andre større eigarar:	Vestland fylkeskommune (20%), Sunnfjord kommune (14,99%), Kinn kommune (10,77%) og Sogndal kommune (9%).
Lån/garanti frå LK:	

<b>Leiing</b>	
Styre/styreleiing:	Jenny Følling (styreleiar), Gunn Åmdal Mongstad, Hilmar Høl, Noralv Distad og Per Jarle Myklebust,.
Ev oppnemning av LK:	
Godtgjersle:	For 2022 har selskapet fastsett følgjande honorar: Styreleiar: 56 100 kr Styremedlem: 2 109 kr per møtedag Ulegitimert inntektstap: 1 632 kr Legitimert inntektstap: 6 328 kr
Dagleg leiing:	Svein Øverland (PWC Førde)
Ev revisor	Ernst & Young
Valnemnd	

<b>Om selskapet</b>	
Bakgrunn:	Sogn og Fjordane fylkesting vedtok i sak 42/19 å dele ut 80% av sin eigarskap i Sogn og Fjordane Holding AS ut til kommunane i Sogn og Fjordane, før regionreforma trådde i kraft. Kommunane fekk B-aksjar, medan fylkeskommunen, no Vestland fylkeskommune eig 20% A-aksjar. Sogn og Fjordane Holding AS eig nær 50% av Sogn og Fjordane Energi AS.
Vedtekter:	Ja, både vedtekter og aksjonæravtale føreligg.
Føremål:	Selskapet eig per 8. oktober 2019 49,56 prosent av aksjane og er største eigar i Sogn og Fjordane Energi AS. Selskapet si verksemd er ved eit langsiktig og stabilt eigarskap å sikre at dei verdiar som ligg i eigarskapen til aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS - og sjølvé eigarskapen - kan bli verande i Sogn og Fjordane. Føremålet med å eige og utøve aksjonærrettane til aksjane er å styrke Sogn og Fjordane Energi AS som eit viktig sjølvstendig, regionalt og lokalt eigd kraftselskap i Sogn og Fjordane. Selskapet har og som målsetnad å auke selskapet sitt eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS, mellom anna ved kjøp av aksjar og deltaking ved kapitalutviding i Sogn og Fjordane Energi AS. Selskapet kan og gje ansvarleg lån o.a. til Sogn og Fjordane Energi AS for å styrke selskapet sin soliditet og posisjon som eit viktig sjølvstendig og regionalt kraftselskap.

**Status, utvikling av selskapet**

<b>Kommentar:</b>	Selskapet sin aktivitet er eigarskap av Sogn og Fjordane Energi AS. Utbytte frå SFE genererer eit overskot i selskapet som dannar grunnlaget for utbytte til eigarane i Sogn og Fjordane Holding AS.
-------------------	--

**Økonomi (tal i tusen)****Økonomisk utvikling**

	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
<i>Driftsinntekter</i>	0	0	0	0	0
<i>Driftsresultat</i>	-272	-825	-2 519	-731	-761
<i>Ord.res. før skatt</i>	37 044	30 726	47 245	58 558	36 557
<i>Eigenkapital</i>	355 992	480 144	527 389	527 215	564 017

**Utbytte:**

2016: 0  
 2017: 36 833  
 2018: 75 000  
 2019: 0  
 2020: 29 912  
 2021: 35 013

**Utbytte LK:**

2016 – 2019: Luster kommune ikkje eigar  
 2020: 1 037  
 2021: 1 263

**Kommunal løyving****Mål for eigarskap**

**Kommentar:** Finansielt og samfunnsøkonomisk motivert eigarskap.

**Framtidig eigarskap**

**Kommentar:** Vidareføra eigarskap

<b>Generelt</b>	
Namn på selskap:	<b>Vitensenteret Sogn og Fjordane AS</b>
Type selskap:	Aksjeselskap
Adresse:	Skarpeteigvegen 1, 6854 Kaupanger
Telefon:	41 40 34 44
Nettadresse:	<a href="https://www.vitemeir.no/">https://www.vitemeir.no/</a> <a href="#">Lenke til oppdatert selskapsinformasjon</a>

<b>Eigarskap</b>	
Eigardel LK:	5,55%
Andre større eigarar:	Vestland fylkeskommune (33,33%), Sogndal kommune (18,3%), Kaupanger Næringsforening (9,8%), Stiftinga Vestlandsforskning (7,51%) og Sogn Nærings (6,53%).
Lån/garanti frå LK:	

<b>Leiing</b>	
Styre/styreleiing:	Tor Arne Ness (styreleiar), Geir Kåre Resaland (nestleiar), Alexander Fosse Andersen, Ida Tidemann-Andersen, Ingrid Knutsdotter Lydvo, Ingvar Torsvik Myrvollen og Mari Husabø.
Ev oppnemning av LK:	
Godtgjersle:	Styreleiar kr. 30 000 årleg, andre styremedlemmar godtgjort etter rekning.
Dagleg leiing:	Gry Høyheim
Ev revisor	Deloitte
Valnemnd	Arnstein Menes (leiar), Trude Brosvik, Trine Lerum Hjellhaug

<b>Om selskapet</b>	
Bakgrunn:	Selskapet vart etablert i 2018, med føremål om å realisere eit vitensenter i Sogn og Fjordane med lokalisering på Kaupanger. Kortforma på namnet er ViteMeir, og senteret opnar i november 2021, og er samlokalisert med Sogndal vgs si avdeling på Kaupanger. Vestland fylkeskommune er huseigar og leiger ut til ViteMeir.
Vedtekter:	Ja, både vedtekter og aksjonæravtale føreligg.
Føremål:	Etablere og drive Vitensenteret i Sogn og Fjordane.

<b>Status, utvikling av selskapet</b>	
Kommentar:	<p>Vitensentra inspirerer barn og vaksne til å utforske og søke ny kunnskap, og samarbeider med skuleverket om å utvikle kunnskap som samfunnet og næringslivet treng i framtida. Eit vitensenter rettar seg i hovudsak mot barnehagar, skular og alle andre som ønskjer seg meir realfagkompetanse. ViteMeir opnar i november 2021.</p> <p>Luster kommune har inngått avtale om kjøp av tenester til barnehagar og skular.</p>

## Økonomi (tal i tusen)

### Økonomisk utvikling

	2017	2018	2019	2020	2021
Driftsinntekter	0	60	435	1 235	9 845
Driftsresultat	0	-393	-620	-200	1 843
Ord.res. før skatt	0	-370	-559	-135	1 831
Eigenkapital	0	2 684	2 126	1 991	8 139

Utbytte: *Ikkje finansielt føremål*

Utbytte LK:

Kommunal løyving *I k-sak 26/19 vart det inngått tre-årig rammeavtale mellom Luster kommune og ViteMeir om kjøp av tenester til barnehage og skule. Årleg ramme for avtalen er kr. 290 000, eks. mva. Avtalen gjeld frå 01.08.21 – 01.08.24.*

### Mål for eigarskap

Kommentar: *Samfunnsøkonomisk motivert eigarskap.*

### Framtidig eigarskap

Kommentar: *Vidareføra eigarskap*

## Generelt

Namn på selskap:	<b>Luster Utleiegebustader</b>
Type selskap:	<i>Stifting</i>
Adresse:	Rådhuset, 6868 Gaupne
Telefon:	57 68 55 00
Nettadresse:	<a href="#">Lenke til oppdatert selskapsinformasjon</a>

## Eigarskap

Eigardel LK:	100%
Andre større eigarar:	-
Lån/garanti frå LK:	K.sak 25/06. Garanti for låneopptak og garanti for tapte leigeinntekter. Fleire konkrete saker der det er garanti for låneopptak.

## Leiing

Styre/styreleiing:	<i>Jan Magne Svåi</i>
Ev oppnemning av LK:	Styremedlemer: Gunnlaug Saur, Per Melchior Fuhr og Stig Omar Elde
Godtgjersle:	0
Dagleg leiing:	<i>Jan Magne Svåi</i>
Ev revisor	PriceWaterhouseCoopers AS, Dronning Eufemiasgt. 8, 0191 Oslo
Valnemnd	Delegert til rådmannen å føreta oppnemning, jf. K.sak 66/11

## Om selskapet

Bakgrunn:	Kommunen/kommunestyre har etablert eiga bustadstifting som har som føremål å bygge og drive utleige av bustader i Luster kommune.
Vedtekter:	
Føremål:	Skaffa bustader for tidsavgrensa utleige utan eiga økonomisk vinning.

## Status, utvikling av selskapet

Kommentar:	Luster utleiegebustader har hatt i arbeid eit prosjekt i Gaupne som omfattar til saman 18 nye husvære. Dette prosjektet; Løkjane bustadsameige vart ferdig i september 2016.
------------	--

## Økonomi (tal i tusen)

### Økonomisk utvikling

	2017	2018	2019	2020	2021
Driftsinntekter	4.206	4.227	7 063	4 236	4 304
Driftsresultat	1.870	1.823	4 194	7	205
Ord.res. før skatt	481	779	3 214	-970	-668
Eigenkapital	4.225	5.004	8 218	7 248	6 580

Utbytte: 0

Utbytte LK: 0

Kommunal løyving

**Mål for eigarskap**

Kommentar:	<i>Samfunnsøkonomisk motivert eigarskap. Effektivisering og kvalitetsutvikling av tenesteproduksjon.</i>
------------	--

**Framtidig eigarskap**

Kommentar:	<p><i>Vidareføra eigarskap. Stiftinga vil inngå i ei nærmere vurdering av korleis kommunen organiserer, effektiviserer og samordnar kommunen si samla bustadforvaltning. I økonomiplan 2023 – 2026 er det slege fast at viss Stortinget vedtek opning for å avvikle bustadstiftingar og overføre eigedommane til kommunen vil denne prosessen bli starta. Dette tek kommunen sikte på å byrje på i 2023.</i></p> <p><i>Oppdatert etter kommunestyremøte 30.03.23 med vedtak i sak 17/23: 2. Luster kommunestyre ber rådmannen starte prosessen med oppløysing av stiftinga Luster Utleigebustadar.</i></p>
------------	--

## **7 Vedlegg:**

### **7.1 Ulike selskaps og organisasjonsformer.**

#### **7.1.1 Tenesteeining**

Organisering av tenesteeiningane blir ikkje nærmere omtalt her da det ikkje går inn under omgrepet eigarskap.

#### **7.1.2 Kommunalt føretak (KF)**

Kommunale føretak er ein del av kommunen som rettssubjekt og heimla i kommunelova. Det kommunale føretaket er ein del av kommunen og er underlagt kommunestyret. Gjennom føremålet fastset kommunestyret den verksemد som føretaket skal drive og den ytre ramma for styret sin mynde. Kommunestyret kan gjennom vedtekten eller andre typar vedtak gje bindande pålegg for føretaket. Både stifting og oppløysing av kommunale føretak blir vedteke av kommunestyret.

Reglane for kommunale føretak tek sikte på å gje eit alternativ for meir sjølvstendig organisering av kommunale oppgåver. Organiseringa blir nytta serleg når både forretningsmessige og samfunnsmessige omsyn skal takast vare på.

I lova er det ikkje grenser for kva for oppgåver kommunen kan legge inn i eit kommunalt føretak.

Kommunalt føretak skal leiast av styre og dagleg leiar. Styret har mynde til å treffe avgjerder i føretaket sine saker.

Det er kommunestyret som vel styremedlemmer i føretaket dersom kommunestyret ikkje har delegert til andre organ å velje styre. Styret har eit overordna ansvar for organiseringa av føretaket si verksemđ.

Dagleg leiar har det overordna ansvaret for dei tilsette i kommunale føretak. Kommunen sin overordna arbeidsgjevarpolitikk legg rammene også for kommunale føretak.

Som en del av kommunen er føretaket underlagt kommunestyret sin budsjettmynde. Det vil seie at det er dei kommunale budsjetta som set ramme for føretaket si verksemđ.

Kommunen sin styring og kontroll er fleire og meir omfattande i kommunale føretak enn i sjølvstendige selskap.

Kommunale føretak har ei sjølvstendig stilling i høve til kommunen sin administrasjon. Rådmannen har ikkje instruksjons- eller omgjeringsmynde overfor dagleg leiar, men rådmannen kan instruere dagleg leiar om ikkje setje i verk eit tiltak eller ei sak før kommunestyret har behandla saka.

#### **7.1.3 Kommunalt oppgåvefellesskap (KO)**

Kommunalt oppgåvefellesskap er heimla i ny kommunelov kapittel 19. I førearbeida til ny kommunelov står det at KO er eit samarbeid berekna for produksjonssamarbeid. Eit KO kan vere eige rettssubjekt, men treng ikkje å vere det. Viss oppgåvefellesskapet ikkje er eit eige rettssubjekt, så vil det ligge under vertskommunen. Utvalet for ny kommunelov seier at organisasjonsforma KO ikkje bør nyttast til typar samarbeid der lovverket gjev betre passande samarbeidsformer. Det vert likevel ikkje lovregulert kor omfattande samarbeid KO kan nyttast til, det vert det opp til kommunane sjølv å vurdere. Lovgjevar sin intensjon verkar likevel å nytte KO som ei enklare samarbeidsform enn eit interkommunalt selskap.

#### **7.1.4 Interkommunalt selskap (IKS)**

Samarbeid mellom fleire kommunar og/eller fylkeskommunar kan organiserast etter lov om interkommunalt selskap (IKS) av 29.01.1999. Lova heimlar at interkommunale selskap er eigne rettssubjekt som rettsleg og økonomisk er skilt frå deltakarkommunane.

Selskapet har sin eigen formue og sine eigne inntekter, og svarar for sine forpliktingar.

Deltakarar i IKS kan berre vera kommunar, fylkeskommunar og andre IKS. Lovpålagte oppgåver og tenester det kan vera lønsamt og strategisk å løyse felles, er døme på verksemder som egnar seg for IKS.

Oppgåver vil kunne krevje overføring av mynde dersom oppgåvene skal bli lagt til eit interkommunalt selskap. Det kan vera avgrensingar i særlovgjevinga som gjer at slik mynde ikkje kan delegerast. (T.d. samarbeidet innom barnevern).

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ. Representantskapet er eigarane sitt organ. Deltakarkommunane sitt eigarmynde utøvast av representantskapet. Den einskilde eigarkommune kan ikkje utøve eigarmynde direkte overfor styret i selskapet eller administrasjon. Kvar deltakarkommune skal ha minst eitt medlem i representantskapet. Deltakarkommunane kan gjennom representantskapet treffe vedtak som bind styret, og det kan gjere om vedtak som styret har vedteke.

Deltakarane i eit interkommunalt selskap (IKS) kan i større grad ha innverknad over styringa av selskapet enn det aksjelova gjev deltakarane i eit aksjeselskap.

Eit trekk ved interkommunale selskap er at deltakarane har eit ubegrensa ansvar for sin del av selskapet sine samla forpliktingar. Samla skal deltakarane sitt ansvar utgjera selskapet sine samla plikter. Det skil interkommunale selskap frå aksjeselskap der deltakarane sitt ansvar er begrensa.

#### **7.1.5 Aksjeselskap (AS)**

Reglane om aksjeselskap er regulert i Lov om aksjeselskaper (aksjelova) av 13.06.1997 nr. 44. Selskapet er eit eige rettssubjekt.

Det viktigaste trekket ved aksjeselskapsforma er at aksjeeigarane ikkje heftar for selskapet sine pliktingar anna enn innskoten kapital med mindre det er oppretta avtale som seier noko anna. Eigarane rår ikkje fritt over selskapet sine inntekter og formue.

Aksjekapitalen i eit aksjeselskap må vera på minst kr 30.000,-. Eit aksjeselskap som ikkje greier å oppfylle sine plikter, kan bli teken under konkursbehandling.

Ønskjer eigarane å trekke midlar ut av selskapet, må det skje etter nærmare reglar i aksjelova for utdeling av utbyte, nedsetting av aksjekapitalen eller oppløysing av selskapet.

Eit aksjeselskap kan ha ein eller fleire deltakarar. Lovgjevinga set ingen grenser for kven som kan vera aksjonær i eit aksjeselskap. Det kan i eit selskap vera både offentlege og private eigarar.

Selskapsforma kan vera tenleg dersom ein ønskjer ulike grupper av eigarar eller leggje til rette for at fleire, både fysiske og juridiske personar, kan vera eigar. Selskapsforma inneber stor fleksibilitet på eigarsida.

Generalforsamlinga er selskapet sin høgaste organ. Dersom ikkje anna er bestemt utgjer ein aksje ei stemme i generalforsamlinga. Generalforsamlinga kan treffe vedtak i alle selskapssaker dersom ikkje lova gjev avgjerdsmynde til andre organ. Generalforsamlinga

kan instruere andre selskapsorgan, gjera om deira avgjerder eller treffe avgjerder i andre selskapsorgan med mindre lov på særskilde område tek frå generalforsamlinga mynde.

Generalforsamlinga vel medlemmer til selskapet sitt styre. Det er gjennom generalforsamlinga aksjeeigarane utøver den øvste mynde i selskapet.

Generalforsamlingsvedtak fastsette rammer og gjev nærmere reglar for styret. Styret har det overordna ansvar for forvaltning av selskapet og at det blir drive i samsvar med føremål, og innanfor ramma av lovgjeving og selskapet sine vedtekter og instruksar fastsett av generalforsamlinga.

Som hovudregel tilset styret dagleg leiar. Styret er dagleg leiar sin overordna. Dagleg leiar skal styre selskapet etter dei planar, retningsliner og prinsipp styret vedtek.

Aksjonæravtaler blir ofte nytta for å detaljere tilhøvet mellom aksjonærane. Aksjonæravtala kan regulere ulike eigarspørsmål som røysterett, fordeling av styreplassar, innsynsrett, innskotsplikt og forkjøpsrett.

Ein aksjonær har ulike rettar i eit selskap avhengig av kor stor del av selskapet vedkomande eig. For ein kommune er det derfor viktig at eigardelen er tilpassa kommunen sitt føremål med selskapet.

Har kommunen strategiske målsettingar for sitt eigarskap, bør kommunen ha kontroll med selskapet ved å eige 50 % eller meir av dei røysteføre aksjane i selskapet. Ønskjer kommunen maksimal kontroll over selskapet, bør kommunen eige selskapet fullt ut. Er eigarskapen av meir finansiell karakter er det ikkje så viktig kor stor del av selskapet kommunen eig.

- 100 % (aksjar og røyster)  
I ein slik situasjon treng ikkje eigaren ta omsyn til rettar og reglar som elles gjeld for å verne dei andre aksjonærane.
- 90 % (aksjar og røyster)  
Dersom ein aksjonær eig over 90 % av aksjane og røystene i eit aksjeselskap, kan vedkomande majoritetsaksjonær tvangsutløyse dei andre aksjonærane i selskapet.
- 67 % (røyster)  
Vedtak om endring av selskapet sine vedtekter føreset minst to tredelar av røystene. Det same gjeld avgjerd om fusjon eller fisjon, vedtak om auke eller nedsetting av aksjekapitalen, opptak av konvertible lån, vedtak om omdanning og vedtak om opplysing av selskapet.
- 50 % (røyster)  
Døme på avgjerder som blir fatta med alminneleg fleirtal er val av styremedlemmer, godkjenning av årsrekneskap og vedtak om utdeling av utbyte. Vedtekter og aksjonæravtale kan regulere behov for breiare, men ikkje snevrare tilslutning i slike saker.
- 34 % (røyster)  
Dersom ein aksjonær har meir enn ein tredjedel av røystene, vil denne normalt ha negativ kontroll over mange av dei viktigaste avgjerdene i selskapet. Serleg gjeld det vedtaksendringar.

Kommunen sin økonomiske risiko i høve til eigardel i aksjeselskap er direkte knytt til verdien av aksjekapitalen som kommunen har skote inn. Selskapet sine midlar blir disponera av selskapet sitt styre og dagleg leiar.

Dersom kommunen(-ane) som eigar av selskap ønskjer å ta ut midlar, må det skje etter aksjelova sine reglar om utdeling av utbyte eller fondsemisjon. Utdeling av utbyte til eigarane kan berre bli føreteke etter forslag frå styret og må bli vedteken på generalforsamlinga. Innanfor ramma av aksjelova kan det gjennom aksjonæravtale heimlast ytterlegare

handlingsreglar for disponering av selskapet sitt overskot. Det er bindande for styret si innstilling og generalforsamlinga sitt vedtak.

#### **7.1.6 Samvirkeføretak (SA)**

Selskapsforma samvirkeføretak (SA) er ei formalisering av dei ulovfesta andelslag, lutlag, partslag, BA osb.

Samvirkeføretaka er ein demokratisk organisasjonsform som byggjer på prinsipp om aktiv brukardeltaking og frivillig og opent medlemskap. Selskapsforma har som hovudføremål å fremme medlemmene sine økonomiske interesser gjennom deira deltaking i verksemda som kjøparar eller tilbydarar av varer eller tenester.

#### **7.1.7 Stifting**

Stiftingar er regulert i "Lov om stiftelser (stiftelsesloven) av 15.06.2001. Lova trådde i kraft frå 01.01.2005.

Ei stifting skil seg frå andre selskapsformer ved at den ikkje har nokon eigarar eller deltararar. Stifting er sjølveigande. Når ei stifting er oppretta har stiftarane ikkje lenger råderett over verdiane som er overført til stiftinga.

Ved oppretting skal ei stifting ha ein grunnkapital på minst kr 100.000. Jf § 14 i stiftingslova.

Ei stifting kan vera ei eigna organisasjonsform for å løyse bestemte oppgåver som ein ønskjer å skilje ut og gje fullt sjølvstende.

Sidan ei stifting ikkje kan ha eigarar, kan ein kommune ikkje øve påverknad på grunnlag av eigarskap. Det kan vera ei betydeleg ulempe, men samtidig gje mogelegheit til å sikre verdiar under skiftande tilhøve.

Reglane for avvikling av stiftingar er komplekse. Både styret og stiftarane må godkjenne avviklinga. I tillegg er det stilt krav om godkjenning hos Stiftelsestilsynet før den formelle avviklinga kan finne stad.

Ei stifting blir leia av eit styre som er oppnemnd i tråd med vedtekten i stiftinga. Stiftinga må ha eit bestemt føremål. Stifting blir sett på som ueigna dersom kommunen ynskjer noko form for styring, påverknad eller kontroll.

#### **7.1.8 Interkommunalt samarbeid**

Ny kommunelov, med verknad frå 1.1.2020, fastsler i §17.1 dei ulike typane interkommunalt samarbeid:

- Interkommunalt politisk råd (kap. 18)
- Kommunalt oppgåvlefellesskap (kap. 19)
- Vertskommunesamarbeid (kap. 20):
  - Administrativt vertskommunesamarbeid (§20-2)
  - Vertskommunesamarbeid med felles, folkevalt nemnd (§20-3)

I tillegg er det peika på moglegheita til å samarbeide i interkommunale selskap, aksjeselskap/samvirkeføretak, foreining eller andre lovlege organisasjonsformer.

Interkommunalt samarbeid er først og fremst eit alternativ til tradisjonell kommunal organisering i etatar/einingar der volum, fagleg kompetanse, sårbare tilbod er utfordringar.

Interkommunalt samarbeid kan og i ein del tilfelle vere eit alternativ til anna selskapsorganisering. Kommunelova har nærmare reglar for slikt samarbeid.

### **7.1.9 Medlemskap i organisasjonar**

Medlemspengar

Sparar ressursar, supplerer kompetanse